ARNE GARBORG

HEIMKOMIN SON

HEIMKOMIN SON

ARNE GARBORG

HEIMKOMIN SON

KRISTIANIA
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1908

Published December 2. 1908.
Privilege of copyright in the United States reserved under the Act approved March 3. 1905, by H. Aschehoug & Co.

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI.

I

Det som heretter kjem er mest teki or Uppskriftir etter Haavard Haatun, ein Bonde som i yngre Aar var Skulemeistar. Um Grunnen til at han skreiv segjer han i eit Etterord:

— — «Det er med Folk flest som med Katolikane; dei held seg til Presten. Og kva skulde dei elles gjera?

«Me som vinn eit Grand lenger, kann stundom koma til aa «tenkje», undrast paa, «um desse Ting hev seg soleis». Men det er sjeldan me kjem nokon Veg. «Tenkje» er ikkje greidt; og Rettleiding finst det lite av.

«For meg var det serskilt vrangt,

med di at Spursmaali kom so seint upp; eg var alt «utlærd»; var jamvel Lærar for andre; kunde daa ikkje vedgaa at eg trong Rettleiding sjølv. Og kven skulde eg faa Rettleiding av? Spurde eg Presten, so vilde han segja at eg maatte ikkje vera Lærar naar eg enno var Læregut; og til det vilde eg inkje kunna svara. Men Bøkar som kunde hjelpe meg visste eg ikkje aa faa Tak i; og Prestar og Preikarar som eg høyrde syntest vera um Lag like vise som eg.

Eg freista med Nytestamente; men det var helst gali gjort. Spursmaali vart berre vaknare; og di vaknare dei vart, di meir las eg og di verre vart det. Stundom var det som Testamente sagde seg sjølv imot; den eine Evangelisten og Apostelen var usams med den andre. Eg lagde det burt; men fekk ikkje Fred og tok det att; lika meg slettikkje. I Skulen stod eg tidt og traatt og for-

talde Borni Ting som eg sjølv trudde berre so maateleg.

Daa var det at eg fann paa aa gaa i Kvernhusheidi. Det skulde vera Evangelie han heldt sig til, han Paal; og kven som vilde kunde vera med i Sundagsstundine hans; kannhende ein der kunde faa Greide paa eitt og anna.

Han skulde vera Ranglærar. Men han heldt seg til Jesus, sagde dei; og gjorde han det, so skulde eg vera forvitin paa, koss han greidde dei andre. Ja det skulde vera snodigt aa høyre um han fekk Jesus sjølv til aa hange ihop. Lat gaa, tenkte eg; det er ein Freistnad; gjeng det ikkje, so er det ikkje meir; eg gav meg til aa gaa i Kvernhusheidi.

Til Folk som spurde kva ein Skulemeistar kunde hava der aa gjera sagde eg, at eg vilde sjaa um eg kunde faa Greide paa den Mannen. Det same sagde eg til Kapellanen — han som er

her, naar Presten er paa Storthinge —, daa han tok til aa spyrja etter. Og eg gjorde meg kaut: «det maa vera Raad aa faa Greide paa han Paal,» lét eg um, «naar ein fèr smaatt og gjev seg Stundir» (Smaalygnir fær ein Tenar ikkje vera rædd).

Kapellanen vara meg aat; men i Grunnen lika han at eg lagde meg paa Lur etter Paal; denne Ranglæraren som ingin fær Tak paa, og som er so vidt Teolog at ein vanleg Prestemann ikkje letteleg sèt han fast, er dei i Beit med, Kyrkjeherrane. Eg skyna at dette var eit Høve som eg fekk nytte ut. «Sjølvsagt skal eg fara varlegt,» sagde eg, «ikkje minst for Skulekrinsen si Skuld.» Kapellanen bad meg agte meg, men sagde ikkje meir; eg heldt daa paa og gjekk i Kvernhusheidi.

Men eg tok det «i Ridir og Rykkjetak», so Folke i Krinsen ikkje skulde bli rædde. Det er ikkje greidt for

Folke; det hev Borni aa tenkje paa; og Konfirmationen; og Vaarherre, og mykje og mangt; Andsvar er der til alle Kantar; det var beintfram min Skyldnad aa vera vår. Til dess eg var ute av Klemba daa; — um den Dagen kunde koma. — —

Av det eg høyrde skreiv eg upp det eg hugsa[1]; eg vilde sjaa um der var Samanheng. At eg hev gløgt Minne kom daa vel med; ein hugsar elles alltid godt det Paal segjer. — Uppskriftine kom etterkvart innpaa ymsist anna av det eg i seinare Tidir hev vori upp-i eller tenkt paa; det hev mest vorti som ei Dagbok, dette. Men eg læt deim liggje; dei inneheld eitt og anna som det kann vera Moro aa sjaa att.» — —

*

[1] Det som her turvtest er medteki i Samandrag.
Bokmeistaren.

Tekst: Den burtkomne Sonen.

— — Som i ei Profetsyn stig her den Dagen fram, daa Israel og Heidningheimen skal møtast i Faderhuse.

Og sjølve Jesu Evangelium stig fram: Gud er ikkje Herre men Far; me er ikkje Trælar men Born; Verdi er ikkje Fangehus men Heim; alt er nytt vorti.

Den burtkomne Sonen hev øydt sin Arv; han liver med Svinom til Slutt; hev ingin og inkje aa halde seg til. Men tenkjer han seg um og fèr heim att, so kjem han heim meir enn han torde tru; Faderen er berre glad naar han ser den burtkomne. Ikkje eit leidt Ord hev han til denne Sonen som

vildra seg so burt; han tek imot den heimkomne med opne Armar; slagtar Gjødkalven og held Gilde, og der er Glede og Spél og Dans. Og til Eldste-Bror som knurrar segjer Faderen: du hev alltid vori gild Kar, og alt mitt er ditt; men naar den burtkomne kjem heim att, so skal me vera glade.

Dette er den Faderen Jesus forkynte, Faderen fraa Evangelie. Han er glad i Borni jamvel naar dei kjem burt; og finn dei heim att, so kann det vera so skralt med deim som det vil, og dei kann hava fari so gali som ein fara kann: glad og berre glad er Faderen; han tenkjer korkje paa Skadebot eller Straff.

Den Faderen me er rædde, den Faderen som ikkje kann tilgjeva eit Barn utan han fær Offer og Blod, det er ikkje den Faderen Jesus forkynte.

*

Tekst: Herren din Gud, Herren er ein; og du skal elske Gud av alt dit Hjarta, og du skal elske din Næste som deg sjølv.

— — Som Orde um Faderen er Jesu Evangelium, so er Bòde um Kjærleiken Jesu Lov: Guds Lov i den høgste Tolking.

Og i den høgste Tolking er Lov og Evangelium eitt. Gud er Faderen som elskar oss; Borni maa daa og elske Faderen. Men elske Faderen er aa halde hans Bòd; og Guds Bòd til oss er: du skal elske din Næste.

Du skal unne din Næste som du unner deg sjølv; alt det du vil at andre skal gjera mot deg, det skal du og gjera mot deim; so tolkar Meistaren Lovi og Profetane.

Greidt skilde stend dei tvo Heimane no: der Sjølvhugen raader er Trollheimen, «Verdi»; der Broderhugen

raader er Mannheimen, Gudsrike. Millom desse tvo Heimane stend Messiasstriden, der me alle skal vera med; kvart Menneskje som liver etter Guds Bòd innfører Gudsrike i sitt Liv og hjelper Messias med aa innføre det i Verdi; kvar Jesus-Svein er Stridsmann for Messias; sæle alle, som her er med!

*

Tekst: Den Lovlærde.

— — Korleis vinn me ævelegt Liv? Det Spursmaale vert framsett fleire Gongir.

Vinne Live er aa vinne Rom i Gudsrike, der alt vondt er yvivunni, og fyrst og fremst Dauden; ævelegt Liv og Guds Rike er tvo Ord for den same Ting.

Til dette Spursmaale svarar Jesus: naar det store Gudsrike kjem veit ingin utan Faderen aaleine. Men det

Gudsrike som det gjeld um for baade sidan og no, det vinn kvart Menneskje naar det sjølv vil; for det er innantil i oss.

Den som hev Gudsviljen livande i seg er i Guds Rike. Og di fleire det er som gjenomfører Gudsviljen, di fleire det er som gjer Broderlovi til Liv, di nærare kjem og det store Gudsrike. Me skal daa ikkje gaa og spyrja etter det; me skal lìva det fram; daa kjem det; daa er det komi.

Denne Grunnlovi: du skal gjera Guds Vilje, er fleire Gongir uppskrìvi, liksom til framifraa Trygd. Men endaa hev me gløymt ho.

Me skynar ho ikkje; det er hard Tale, kven kann høyre honom? Og dei Skriftlærde vitnar fraa alle Preikestolar: me kann ikkje halde Bòdi.

Eg sjølv — heldt Paal fram — gjekk i mange Aar og trudde paa dei Skriftlærde. Og eg vart sjølv ein Skrift-

lærd, og tala som dei. Daa me ikkje kann halde Bòdi, sagde eg, so bryt me deim; men me skal angre at me bryt deim; kvar Kveld skal du angre at du kvar Dag bryt deim; daa vinn du ævelegt Liv. For ikkje Lovi gjeld det um, men Angeren.

Men den Dagen kom, daa eg vart utrygg paa min Visdom; eg gjekk til Meistaren paa nytt Lag. Og spurde paa nytt: korleis vinn eg ævelegt Liv. Han svara som fyrr: hald Bòdi.

Eg sukka og sagde: eg kann ikkje, Herre. Han saag paa meg og svara: du vil ikkje, Bror min. Der stod eg raadlaus; eg trudde ikkje Meistaren.

Daa kom det ein vaagall Tanke: enn um du trudde likevel? Hev nokre Galilæa-Fiskarar kunna gjera Guds Vilje, so kann vel du au; um du freista aa vilja?

Modig var eg ikkje. Men sistpaa vaaga eg Freistnaden. Og smaatt um Senn tok det til aa ljosne. Ein Dag

skyna eg at eg var paa rett Veg, paa Vegen heim til Faderen.

Alt snudde seg. Tilvære vart Broderheim og Gudsrike; Meining vart der i Live; og di mindre eg tenkte paa Syndi, di meir Hug fekk eg til det gode. Men naar eg synda, som eg enno gjerer, kor vel eg kjenner at det gode er best, so fær eg Tilgjeving so sant som eg sjølv tilgjev.

Det er Viljen det gjeld um; gjev Gud ditt Hjarta, so vert hans Vilje din; og daa er du i hans Rike.

*

Tekst: Lat dykkar Ljos skine for Folk, so dei ser dykkar gode Gjerningar og priser Faderen som er i Himlom.

— — Live vaart skal vera som det kveikte Ljose. Det skin, av di det ikkje anna kann; du gjer det gode

drivin av din inste Hug; det er Ljose som rolegt og stillt brenn i sin Stake.

Eit kveikt Ljos, det er Ljos alligjenom og noko reint anna enn den Utanpaa-Gliming som Farisæarar kann brikje med. Og ved aa gjera det gode forkynner du det. Forkynner det paa beste Vis; det gode som vert sagt oss kann me tru; det gode me ser gjort kann me ikkje tvìla paa. Og den som ser gode Gjerningar priser Faderen og fær kannhende sjølv Hug til aa gjera det gode.

Elles skal me vera som Folk flest. Fastar me, so tarv ingin hava Greide paa det; vaar eigi Upptukting er vaar eigi Sak; lat andre likso godt tru at me held Høgtid.

Den smale Vegen skal me gange: fara fram utan Braak og taka Verdi som ho kjem. Han som ser i Løyndom vil løne oss i Synom; paa Lengdi vil det vise seg at Vegen vaar var rett. Og um me er smaae og arme og ikkje magtar stort: det minste gode

som vert gjort, og ikkje paa Framsyning gjort, legg Meining i Live; den som berre gjev ein av dei minste ein Drykk Vatn skal ikkje sakne si Løn. Og Fatigkona som lagde sine tvo Skilling i Tempelkista gav meir enn nokon rik; for ho gav alt det ho aatte.

Lat Ljose ditt skine; lat Folk sjaa dine gode Gjerningar; daa priser dei Faderen; dei ser at det gode er ikkje berre Snakk.

*

Tekst: «Hata Far og Mor og Kone og Barn og Bror og Syster, ja sitt eigi Liv» maa den som vil vera Jesu Læresvein.

Live er ei Offerferd. For alle. Kvar og ein som lìva skal, um han fylgjer Jesus eller han fylgjer Verdi, — smaatt um Senn lyt han gjeva upp det eine

etter det andre av det han hadde kjært. Spursmaale er, um Tapi skal vera Tap, eller um ein kann faa gjort deim um til Vokstr-Vilkaar.

Den eine etter den andre av deim du var glad i fell burt. Eller kjem fraa deg. Kvar hev sin Veg; og meir og meir vil Vegane skiljast. Etterkvart er du glad du kann faa helse paa ein Vén eller Kjenning so ender og Gong; di meir du eldest, di einslegare gjeng du. Jamvel Borni dine kjem burt for deg. Kannhende er du sistpaa reint aaleine. Live sjølv maa du lata til Slutt.

Jesus krev, at du ofrar det som elles vert teki, og ofrar det so friviljugt som du skulde hata det. Friviljugt skal du taka upp den Livsens Lagnad som er deg sett; for det som vert teki fraa deg er Tap; men det som du ofrar vert Vinning. I Offere gjev du deg

sjølv, og fær deg rikare att. Ved Tap minkar du; ved Offer veks du.

Djupt saag Meistaren her. Og sjølv gjekk han den Vegen han viste. Me skal fylgje Meistaren. Og um Vegen er tung, skal me gange han viljugt. Og beda som han bad: ikkje min Vilje, men din. Kvar som bed den Bøni rett fær meir enn han skynar; og roleg og trygg gjeng han fram med Krossen sin paa Rygg, um det so skal bera til Golgata.

Hata, viljugt ofre, det ein heng fast ved, det er Vegen til Sjælefridom.

*

Tekst: Fylg meg!

— — Det er Tollmannen Levi, Meistaren talar til. Og han segjer berre: fylg.

Men Levi skynar kven han hev for seg. Og hans Tollmanns-Samvit

hev sagt han, at han treng ein Vegvisar som denne, um han skal naa Gudsrike. Han segjer daa ikkje eit Ord; stend berre upp og fylgjer.

Det er ikkje mange som tek det so.

Bed Meistaren oss fylgje, so høyrer me ikkje. Men hender det at me høyrer, so svarar me.

Nei, Meistar, segjer me, fylgje deg kann me ikkje. Men det tarv me ikkje heller. Det me skulde gjera hev du gjort; og den Straffi me skulde lide leid du; so at no er me frelste. Og me veit, at naar me ein Gong kjem og bankar paa Himilporten, so slepp me inn; du hev sjølv skaffa oss Inngangskort. Men Anger og Bønir maa til; og det skal me ikkje gløyme. Farvel, Meistar!

Det er enno berre ein Tollar her og der, som stend upp utan Snakk og fylgjer, naar Meistaren kallar.

*

Tekst: Ein rik gjeng ikkje lettleg inn i Guds Rike.

— — Jesus likar denne Guten som hev haldi Bòdi fraa sin Ungdom av; min Svein kann dette bli, tenkjer Meistaren. Og han segjer: vil du vera fullkomin, vil du naa det høgste, so sèl alt det du eig og gjev det til dei fatige; kom so og fylg meg.

Men her er Sveinen bundin: han er rik. Og Rikdomen held han fast; heilt kann han ikkje fylgje Meistaren. Han gjeng sorgfull burt.

Nokon Mammonstræl i vanleg Meining er han ikkje; han er god Israelit og hev haldi Lovi. Men Mammon er speleg; naar den Stundi kjem daa det gjeld, bind han den beste. Og for den som daa læt seg binde er alt avgjort.

Faarleg er denne Heimsens Gud. Det er vanskelegt for ein rik aa bli frelst; utan Gudshjelp er det raadlaust

som for Kamelen aa koma gjenom Naaleauga; vera i Mammons Vald er som aa vera seld til den vonde.

Det er ikkje ofte at ungt Folk kjem i hans Vald; annan Trolldom plar Verdi lokke Ungdomen med. Og lokke skal ho; Huldreheimen med si Hildring og Draging er ein Skule; og me treng den Skulen; mang ei Lekse hev me der aa lære; kvar Lekse heiter ill Røynd. Og det ein hev røynt, det bind ikkje lenger; alltid friare vinn ein uppetter og fram.

Men den Mammon fær Tak paa slepp sjeldan laus; usæl den som kjem i hans Kløar. Etter Huldreheims Lov skulde ein vera rikdomsbundin til ein sjølv vart rik; men denne Heimsens Gud gjer sine Dyrkarar blinde. Ein tykkjer ikkje ein vert rik. Ikkje rik nok; ikkje so ein kann vera trygg. Kor mykje ein fær maa ein hava meir; og meir maa hava endaa meir; det ein

hev vunni er Dogg i Sol og ikkje til aa tru; ein kavar dess meir di rikare ein vert; fær aldri Tid til aa tenkje paa Næsten. Rein Sjukdom kann Mammonstrældomen bli. Det hender at rike Folk gjeng og tiggar til sin døyande Dag; ja det hender at dei ligg og svelt ihel med Gullposar nedgravne i Sengjehalmen.

Ingin kann tena Gud og Mammon. Den rike Sveinen heldt Bòdi med' han var ung; daa han kom til Vegaskile var han for veik; og so vert han Mammonstræl naar han vert gamall.

Sæle er me fatige!

*

Tekst: Gjev Keisaren det som høyrer Keisaren til . . .

— — Keisaren er den verdslege Magti. Den hev sitt aa gjera. Og til

det treng ho Skatt, som og til seg sjølv. Den Skatten skal me gjeva ho.

Men Gud skal hava det hans er. Hans Bòd skal me lyde; hans Arbeid skal me gjera. Borni hans er me; og som alt hans er vaart, so er alt vaart hans: heile Live vaart gjev me til Framhjelp for hans Vilje. Og daa fyrst vinn me Live sjølve: fær Innhald, Meining, Hugnad i det.

— Eg meinte at i Staden for Keisaren maa me no setja Samnøyte eller Folke.

«Det kann me,» svara Paal, «um me trur at det er Folke som hev Magti.»

«Ja det er det vel?»

«So skulde det vera. Men enno hev me ikkje vunni fram.

«Meir og meir vert det Mammon som raar, i Rikslive som elles. Hans Tenarar er daa dei som i Røyndi styrer; men alle kann ikkje styre alltid; Baglar og Birkebeinar ligg i Krig. Det

kjenner me til; den Krigen gjeng ofte yvi Lande. Kvar Flokk segjer: Staten, det er me; og den Flokken som vann sist styrer til næste Ufreden. Hèrfange vert bytt millom dei fremste i den Flokken som vann; Folke fær eit Grand mindre, men sidan gjerne eit Grand større Skattar.

«Naar Politiken ein Gong vert Samarbeid millom Brørar i Staden for Krig, daa vil me med Sanning kunna segja Folke eller Samnøyte i Staden for Keisaren eller Magti. Gjev det ikkje vart for lengi til!»

*

Tekst: Han som fraa Upphave skapte deim, han skapte deim Mann og Kvinne og sagde: difor skal ein Mann forlata Fader og Moder og halde seg til Kona si; og dei tvo skal vera eit Kjøt.

— — Verdi maa i Ægteskapsspursmaal halde seg til Moses; hans Skipnad er for dei harde Hjarto. Men her set Meistaren upp det Ægteskape som han kann godkjenne.

Det er bygt paa Guds Skipnad og hev tvo Fyrimaal: Sjølvfostring og Barnefostring. Og det Gud hev samanbundi skal eit Menneskje ikkje skilja; Far og Mor stend saman um Arbeide, til den nye Ætti er framvaksi.

Aalvor er Ægteskape og ikkje Leik, Hugnad og høg Glede skiftande med Arbeid og Strid, og stundom med Sorg og Saknad. Men Vokstr er det for Far og Mor ikkje minst: i Ægteskape vert dei tvo Menneskjehelvtine eitt, veks saman til det heile Menneskje. Og berre det heile Menneskje vinn den heile Livsrikdom.

Me ugifte er Halvmenne: Mannen for seg eller Kvinna for seg; ikkje veksande Greinir paa Livstrée med Blo-

mar og Alde, men Kvist som turkar og fell. Meining fær me i Live vaart naar me nyttar det rett: ofrar det for Brørane, som mange hev gjort, og som Meistaren gjorde; og Livsverk er her alltid som krev slike Offer. Men dei gifte med sine Barneflokkar er Live sjølv som grønkar og veks. Gifte seg er aa gange inn i det store Samanheng; gjenom Ægteskap naar ein Livsens Fullnad.

Difor skal Mannen forlata Far og Mor og samle seg paa dette Livsens største: aa byggje seg Heim. Og som Mann og Kvende naar sitt eigi høgste i den Heimen dei bygde og i Samyrkje der, so byggjer dei seg ut yvi seg sjølve i Borni; desse veks i den gode Heimen som i ein Hage, og mognast til Live som alltid veks nytt.

Den som kjenner seg drìvin til Ute-Liv, han kann mistaka seg eller han kann hava Rett. Hev han Rett, skal

han ikkje gifte seg; tek han i Miss, so skal han ikkje gifte seg fyrr han ser at han tek i Miss; mitt Livs store Synd kom av, at eg for seint skyna dette.

*

Tekst: Tenkjer de at desse Galilæarar var Syndarar framfor andre Galilæarar, med di dei hev lìdi slikt?

— — Fullt upp hev Tilvære av svarlause Spursmaal.

Mangt synest meiningslaust og mykje synest fælt. Saklause lid vondt og Illmenne hev det godt; sùme rotnar av Vel-livnad og andre brotnar i Liding; rett som det er hender Ting so ville at du berre stend og glor: er det Faderen eller Fanden som raar, eller gjeng Verdi styrelaus?

Slikt som at eit Taarn ramlar ned paa Maafaa og slær ihel kven-som-helst,

tek Born fraa Mødrar og Foreldre fraa Born, og øyder Ungdom som brann etter Liv; eller slikt som at ein Landshovding gjer seg Moro av aa blande Blod av Ofrarar saman med Blod av Offerdyri deira; slikt og dilikt og verre og verst, — kann det anna vera enn Vìtløyse og Villspél?

Me skal ikkje spyrja um slikt, segjer Meistaren; me greider det ikkje kor som er. Og kvar for seg hev nok med sitt. Spursmaale for meg er ikkje det um Pilatus og Offerblode eller det um Taarne i Silom; for meg gjeld det, korleis eg kann nytte mitt Liv rett.

Det som ser villt ut for oss kann endaa hava ei Meining. Me skal hjelpe og lindre den Naudi me naar; men der vaar Magt ikkje rekk, og der vaart Vìt er for stutt, der fær me leggje alt i Handi aat honom som ser til Grunnane.

*

Tekst: Døme ikkje!

— — Sæle er me, som slepp aa døme.

Domar kann berre ein vera: den allvìtande. Alt maa den sjaa og skyna, som skal felle ein rettvis Dom.

Me andre hev æveleg nok med aa døme kvar seg. Det skynar me dess betre, di meir me lærer.

Syndi tarv me ikkje døme; den er dømd, og dømer seg sjølv. Men Syndaren laut ein fyrst forhøyre. Og naar det heile Samanheng kom upp, so vilde me skunde oss ned av Domarstolen att; me vilde forstaa, at der hadde me inkje aa gjera.

Eit Ord er sagt ein Gong som aldri døyr; so ofte ein Jesus-Svein fær Hug til aa døme, so minnest han det og gløymer sin Dom: den som er syndefri kaste den fyrste Steinen!

Meistaren sjølv dømde ikkje. Strenge

fall Ordi hans um Skrymting og Synd; men stod han framfor Syndaren, so saag han dei djupe Samanheng; og han sagde: eg dømer deg ikkje; synda ikkje meir.

Lat oss takke Gud, at me slepp aa døme!

*

Tekst: Paa Mose Stol sìt dei Skriftlærde og Farisæarane; alt det som dei segjer at de skal halde, det skal de halde og gjera . . .

— — Jesus var ingin Sektskìpar. Han vilde ikkje samle ein Flokk ikring seg; han vilde samle Borni kring Faderen.

Harm vart han stundom, naar han kom til Temple og saag alt Ustelle der; og paa Skriftlærde og Farisæingar hadde han mangt aa segja; gjer ikkje

etter deira Gjerningar! byd han. Men til Temple heldt han seg; og Sveinane skulde halde alt det som fraa Mose Stol vart paabòdi.

Me tek det paa same Maaten.

Mangt kann der vera aa segja paa vaare Tempel au. Men Tekstane er Jesu Ord; og Tolkingane hev so mykje av honom som vaare Skriftlærde hev kunna vinne seg fram til.

Og me skal ikkje skilja oss ut. Verdi trur gjerne at utskilde er utvalde; og Serkyrkjur og Serflokkar lagar seg rett som det er. Men so skal det ikkje vera millom oss. I ytre Ting er me som andre. Berre i vaart Liv skìl me oss ut, naar so maa vera: me læt vaart Ljos skine, so Folk ser vaare gode Gjerningar.

*

Tekst: Naar Menneskjesonen kjem i sin Herlegdom . . .

— — Eit Bilæte av Domen gjev Meistaren her, i si siste Tale hjaa Mattæus.

Berre ein Ting vil Menneskjesonen spyrja um paa den Dagen: hjelpte du den som du saag trong Hjelp? Men i dette eine ligg alt. Den som hjelper Næsten naar han er i Naud, han viser dermed at han elskar sin Næste; og den som elskar Næsten gjer Guds Vilje og viser dermed at han er Barn av Faderen. Ja Domaren segjer: det at du hjelpte din Næste naar han var i Naud, det vert rekna som du hadde hjelpt Menneskjesonen sjølv; han helsar deg daa velkomin i sitt Rike.

Men den som saag sin Næste i Naud og ikkje hjelpte; saag ein Bror svoltin, tyrst, framand, nakin, i Fangehus, og var like sæl, han vert utan Naade burtvist.

Det vert ikkje spurt um anna enn dette i Domen, segjer han som døme skal. Hev du stelt deg rett mot Bror din? Etter det aaleine vil Domen falle.

Lat oss ikkje gløyme det!

*

Johannes, Broder og Lùthavande i Trengsla og i Rike og i Jesu Kristi Tolmøde, legg i 2dre og 3die Kapitel av Opinberringi fram Jesu Helsingar til Kyrkjelydom:

Du Efesus, eg veit um dine Gjerningar og ditt Arbeid og ditt Tolmøde. Du Smyrna, eg veit um dine Gjerningar og di Trengsle og din Fatigdom. Du Pergamus, eg veit um dine Gjerningar. Du Tyatira, eg veit um dine Gjerningar og din Kjærleik og di Teneste og di Tru og ditt Tolmøde og dine Gjerningar. Du Sardes, eg

veit um dine Gjerningar. Du Filadelfia, eg veit um dine Gjerningar, og du hev haldi mitt Ord um Tolmøde. Du Laodikæa, eg veit um dine Gjerningar.

Til alle hev Messias Krave um Gjerningar; og aat alle hev han Løni: den som sigrar, honom vil eg gjeva aa sitja med meg paa min Kongsstol, liksom eg og hev sigra og sett meg med min Fader paa hans Kongsstol.

Jesus er fraa fyrst til sist den same. Ikkje ein Bokstav eller ein Tytil av Lovi skal forgangast, byrjar han i Bergpreika; sæle er dei som held Guds Bòd, endar han i Opinberringi.

Paa honom kann me daa trygt tru. Og tru paa honom er aa fylgje honom. For hans Liv og hans Lære er eitt; han er i Sanning Meistaren.

II

Ustødt hev det gjengi med Sundagsstundine i Kvernhusheidi no eit Bil.

Paal vanka mykje hjaa Bror sin, han Gunnar, i hans siste Tidir. Han saag at det bar ned-yvi med han, og sat daa hjaa han det meste han kunde; «han hev ikkje andre enn meg no,» sagde Paal. Han var i det heile komin godt til Lags med Bror sin, trass i alt som stod imillom.

Det var stillna av med Bygdedrøse um han Gunnar au no. Mannen var klen og hadde ikkje langt att, so Folk lét han vera. Den Rikdomen det hadde gjengi Ord um ei Stund, den skulde

det ikkje heller vera stort med; og kven bryr seg um ein Mann som skal døy, naar det ikkje er noko etter han?

So kom dette braae Fraafalle. Og Likferdi og ymist anna.

Likferdi var rett stor; Ætt og Ættekjenningar fylgde. Millom Kjenningane vart det lagt Merke til gamle Per Aase, eller Per Hòve no, han som sìt med den Garden Gunnar var Odelsmann til; han eldest og tenkjer vel paa Fred no, Per.

Av Ætti var det Systeri, Serina Hòve — Dotter hans Enok, Enkja etter Lensmann og Storthingsmann Bø nord i Fjordane —, som Folk gaadde mest etter; det er lengi sidan ho var paa desse Kantar no. Staut Kone er det, og visst ikkje lite stor paa det, segjer Folk; men for henne og Paal hev vel denne Likferdi vori som ei Utsoningshøgtid.

Ho hev havt imot Bror sin alt fraa

den Tid han selde Hòve; og kven kann undrast paa det. Heimetufti er kjær for alle; og at Jordi fekk «for mykje Magt» med han Paal, det hev ikkje ho kunna skyna meir enn andre; det plar kje vera Jordi som no for Tidi hùgbind Folk.

Tankar hev ho vel gjort seg av ymist Slag, som so mange gjorde. Men Folkedrøse um Paal og Evelinde tagna snart; og sidan var det ingin som kunde finne paa noko, større. Og at Paal er ein Mann som ikkje fèr med Fjas, det hev ho meir og meir skyna. So hev ho tenkt, at det nytta ikkje aa harme seg yvi dette lenger; og ved Gravi, der all Ufred stilnar, hev daa denne Knuten au vorti løyst.

Etter Likferdi var ho innum i Kvernhusheidi, der ho visst aldri fyrr hev sett sin Fot; og dei tvo Sønine ho hadde med seg fylgde henne. Det som er att av det gamle Hòvefolke

hev daa endeleg funnist no. Paal er reint glad for dette, som rimelegt kann vera.

Dei tvo Sønine vart au aatgaadde, baade den eldste, han Baard (som no gjeng paa Jordbruksskulen), og ikkje minst den andre, han Einar. Det er etter Enok Hòve, Morfar sin, denne er uppkalla — Lensmann Bø var ein Mann som vilde hava norske Namn —; og at dette hev kveikt Tankar og Drøs um at Guten tenkjer paa «Morfars-garden sin», kann ein skyna. Serskilt vel fagna vart han i Kvernhusheidi au, skal «Maren Doktar» ha fortalt; det med skulde vera noko aa gjera seg Tankar av. Men Paal berre smiler naar slikt vert nemnt; det er daa visst inkje aa høyre etter.

Sidan hev Paal vori nord i Fjordane hjaa Syster si eit Bil, og hjelpt henne med noko Arbeid; det finst ikkje Arbeidsfolk der heller, maa-tru. Enkja

driv Garden aaleine no, med Einar til Hjelp — dei andre er paa Skular eller paa Krambu —; ein Bror som Paal kann daa vera god aa hava aa taka til; og han vart verande der nord ei god Stund.

No er han heime att; og alt er i sitt gamle Gjenge. Sundagsstundine med. Dei hev eg sakna; um eg ikkje kann vera med jamt, so er det alltid godt aa vìta at ein hev deim. Helst no, daa eg hev vorti so vidt kjend med Paal og Maaten hans, at eg kann gaa noko meir paa med Spursmaali mine. Eg veit elles ikkje korleis det hev seg; Spursmaali sprengjer ikkje so paa som fyrr, minst naar eg er i Kvernhusheidi. Ja naar Paal talar, kjem dei gjerne reint burt; han hev sin eigin Maate, han, og bryr seg lite um Spursmaal av dette Slage. «Me skal ikkje vera Teologar,» segjer han; «me skal fylgje Meistaren.» Men han vedgjeng,

at eit Grand Rydjing kann turvast her og der; for «mangt kann bli ugreidt, naar Meistaren vert tolka etter Sveinane og ikkje Sveinane etter Meistaren.»

Um Gunnar, Bror sin, fortèl han ofte; den Mannen hev vori ute i mangt. Og Trui hadde han reint misst. Men han kom seg i den siste Tidi. «Han var ein burtkomin Son,» segjer Paal, «og Faderen kunde han ikkje finne. Men han fann Menneskjesonen; og hjaa honom fekk han Kvile; og det er so: den som finn Menneskjesonen er heime, um han so ikkje sjølv skynar det. Og visst er det, at det ikkje er den Augsburgske Konfessjon me vert dømde etter paa den store Dagen.»

Det er hùglegt i Kvernhusheidi. Gamle Maren held godt i Stand. Og ho lær kaut, naar Paal kallar henne Kona si. Det er utrulegt at han hev kunna faa so vidt Skikk paa Maren Doktar; men det er vel som han segjer:

«med det gode vinn ein paa um det so var den Vonde sjølv.»

Sundags Kveldyktine er gilde som dei hev vori. Stort er ikkje Lage; Paal «forkynner Gjerningar», maa tru. Og dei nyfikne er burtkomne no; det einaste kann vera ein Bykar stundom (som denne Sunde, Maalaren som laag her ifjor og maala Heialandsvatne og noko av Lyngheidi der — «kann dere ikkje se hvor vakkert her er da?» undrast Sunde, naar han saag at Folk helst smaaflirde —; naar Paal tala eller las, sat han gjerne med ein Blyant og teikna han av; «forbanna karakteristisk Hode!» sa 'n). Det er dei gamle som held ut, nokre av deim daa; og so kann det vera ein og annan ny ein som vil hava Greide paa Paal, eller som undrast paa, «um desse Ting hev seg soleis»; nokon Sektskìpar vert Paal ikkje.

Og endaa kunde ein ha venta noko

sovori, segjer dei som kjenner han fraa yngre Aar. Han var ein djerv Kar daa, og ikkje rædd Strid; fremst vilde han gjerne vera, og hadde eit godt Lag til aa faa Folk med seg. Men so kom han innpaa desse nye Synsmaatane sine; og daa skifte alt um; han fekk Folke mot seg i Staden for med seg. Og myrke Tidir kom; tungt fekk han aa bera; og det hev teki paa han; sidan er han ein annan Mann. Med alt det han enno hev att av sitt gamle djerve Lag, — i sitt Liv hev han vorti stillfarande og smaafarande.

Upp i Aari er han au komin, ikkje so lite. Enno er han full Kar, baade sterk og seig, med klaare gløgge Augo og Andlit rolegt og greidt; men Skjegge under Hòko og rundt Kinni kvitnar, og det tette myrke Haare tek til aa graane; «det lid til Vinters,» smiler han. Og det er Fred og ikkje Strid han no tenkjer paa.

Sundagsstundine i Kvernhusheidi er ikkje «Uppbyggjelsar» men Lag; me røder um laust og fast, og kvar kjem med sitt; nytt fraa Bygdom vert fortalt, og Sogur gjeng; er Maren stundom med, so dukar ho upp med mykje og mangt; sist hugsar eg ho fortalde um Carolus Magnus, som plar sjaa in-num henne naar han driv so att og fram «millom Tukthusi»; han er komin heiltupp paa Fantestig no.

Paal vert spurd til Raads um ymist; han skynar seg paa jordiske Ting au. Og fortelja kann han. I seinare Tidir hev han etter Bror sin fortalt ymist um Tilstand og Arbeidsvilkaar i Amerika; det vert stridare og stridare der med; so eg kann vel vera glad at eg ikkje fór dit, som eg ei Tid tenkte paa.

Men naar det lid til Kvelds, tek Paal Testamente; og daa vert det stilt. Han segjer eit lite Opningsord: «Herre kven skulde me gange til utan til deg;

du hev Livsens Ord»; «Trøytte og mødde kjem me til deg, Meistar; hjaa deg er det Kvild»; so slær han upp eit Stykke i eit Evangelium og les; han held seg til Evangelie for det meste. Ofte les han upp Stykke or Bergpreika utan Tolking; «her finn me Gudsorde reint og klaart». Men det han vert spurd um svarar han paa; og fær han eller einkvar annan «noko aa segja», vert det sagt. Bønir vert au haldne; «men me skal ikkje brùka mange Ord liksom Heidningane». Og berre Samfundsbønir skal me beda i Lag; «den som bed for seg sjølv skal gange inn i sin Kove og lata att Døri, segjer Meistaren». Paal sluttar med den Bøni «som inneheld alt»: Fadervaar.

Ofte vert det Samtale um det som er framført, eller um Ting som heng ihop med det. Og Tilvisningar vert upplesne og Tolkingar gjevne; sùmt kann daa au koma upp av det som eg

hev arbeidt med og ikkje kunna greide. Men meir og meir skynar eg, at Spursmaali mine er ikkje so faarlege som eg hev tenkt.

*

Son hans Unge-Salomon Storbrekke var i Kvernhusheidi og skulde beda Paal hjelpe Far hans med noko Arbeid.

«Det er smaatt med Stundine,» svara Paal. «Men no er du Nils so stor; kann du ikkje sjølv hjelpe Far din med sovori?»

Nei; Nils skulde paa Amtsskulen han.

«Ja so, Farr. Og sidan til Byn, kannhende?»

Ja; kunde han faa noko der aa gjera, so.

«Det fær du visst; det er Lande Byen liver av, veit du. Men Garden? Læt du Bror din faa den?»

Nils mylte. «Vil han gaa der og grava i Lorten, so maa han gjerne for meg.»

«Naa, du er alt Gategut,» sagde Paal. «Ja-ja; eg skynar Far din treng Hjelp; eg skal koma.»

Daa Nils var gjengin spurde eg: «kva Raad tru me skal hava for det at Ungdomen vert so heimlaus av seg?»

Paal trudde ikkje det var so spelegt som det syntest. «Ungdomen vert heimkjær att; Amerika og Byane fyllest, og naar ute er freista er heime best. Verre vert det naar den Dagen kjem, daa Ungdomen spyrr etter Jord og ikkje kann faa; og den Dagen er ikkje so langt burte som me tenkjer.»

— «Du er komin til Lags med han Salomon au att no,» sagde ein; «men han hadde mykje aa segja paa deg ei Tid.»

Paal lo. «Det var med Salomon som med hitt Folke; han trudde eg var galin. Men det lagar seg alt, berre ein ikkje kjem i Ulag sjølv.»

*

Tekst: Rikingen og Lasarus.

— — Det store Kjærleiksbòde finn me paa kvart Blad; Sogo um den rike og Lasarus slær det fast paa sin Maate.

Denne Rikingen er det inkje aa segja paa. Anna enn dette eine, at han læt Armingen liggje hjelpelaus utanfor si Dør.

Men det eine er nok. Me veit kva Domaren vil segja til deim paa den vinstre Sida; og me veit kva der stend: den som ikkje elskar Bror sin som han ser, kor kann han elske Gud som han ikkje ser?

Den Stundi kjem, daa alt snur seg: Rikingen vert pint og Armingen fær kvile. Ser ein Naud og kann hjelpe men læt vera, so skal det koma ei Tid daa ein sjølv lid Naud, og daa andre kunde hjelpe men læt vera. Fyrr hadde Rikingen Tenarar i Flokketal til aa hjelpe seg med alt; no kann han ikkje faa Hjelp av Lasarus dessmeir, og det um han er aldri so i Beit; og naar han vil hava Lasarus heimsend til aa vitne for Brørane sine, svarar Abraham stutt: dei kann høyre Moses og Profetane. Han meiner: det skulde du au ha gjort.

Ubroderlegt fór Rikingen fram og kann ingin Brorskap vente; i Pinsla fær han liggje til dess den siste Skjerven av Skuldi hans er betalt.

Men Lasarus kviler fraa sine vonde Dagar paa Jordi; han er i Abrahams Fang, i Paradis.

Lat ingin lide Naud! Um du var

den rikaste i Verdi og den gjævaste Abrahamsson: den verste Fillefanten som ligg utanfor di Dør full av Saar, han er Bror din!

*

Tekst: Dei som styrer Folki held deim under Herrevelde, og Stormennane brùkar Magt yvi deim; men so skal det ikkje vera millom dykk; den som vil vera stor millom dykk skal vera Tenaren dykkar, og den som vil vera den fyrste millom dykk skal vera Trælen dykkar.

— — So motsette er Heimsrike og Gudsrike.

Ufred er Live i Verdi. Du skal elske deg sjølv og hata din Fiende er Grunnlovi der; stor er den som held Brørar under Herrevelde og brùkar Magt yvi deim, og Fyrstemann den

som best kann slaa til seg og mest leggje under seg; det sterkaste Dyre er den største.

Men Gudsrike er Fred. Du skal unne jamvel din Fiende som du unner deg sjølv er Grunnlovi her; stor er ikkje den som tek og krev, men den som hjelper og gjev; Tenaren og Trælen er stor; han tenar og trælar av Kjærleik og for Systken; størst er den som elskar mest.

Alra-størst er Menneskjesonen, som mest heilt kjende seg i Samanheng med Ætti.

*

Tekst: Eg er ikkje komin til aa kalle rettferdige men Syndarar til Umvending.

— — Dei friske treng ikkje Lækjar; den Sonen som er heime tarv

ikkje koma heim. Syndaren, den burtkomne, han som hev fari villt og sistpaa kannhende gjeng og gjæter Svin, aaleine og forkomin, det er han som treng til aa snu, søkje ny Veg, finne heim; og til aa rettleide slike er Meistaren utsend. Han veit, at der er meir Glede i Himilen yvi ein Syndar som snur enn yvi ni og niti rettferdige; det er for den heimkomne, Faderen held Gjestebòd; han veit, at lengi nok hev Stakkaren havt det vondt.

Dei rettferdige er ikkje dei sjølvrettferdige; kva Jesus meiner um deim fær me vìta i Sogo um Farisæaren og Tollaren i Temple. Der stend Farisæaren og hyggjer seg med si Rettferd; med honom er det daa ikkje meir; han maa vera for den han er. Men Syndaren, som vedgjeng si Synd og dermed vender seg fraa ho, han gjeng rettferdiggjord heim til sitt Hus; for honom er der Framvon.

Han er ikkje langt komin som kann gjera seg til av si Dygd; ingin kyter av si Rettferd som veit, at det gjeld aa naa fram til det fullkomne.

*

Tekst: Der er dei siste som skal verte dei fyrste, og dei fyrste som skal verte dei siste.

— — Det galdt for Israel og det gjeld for oss: mange som trur seg i fremste Rad vil ein Dag finne seg millom dei attarste.

Mange er kalla men faae utvalde; faae fylgjer Meistaren, so dei kunde bli Medstridarar og Medstyrarar i Rike hans. Me er millom dei mange; lat oss sjaa aa vinne oss fram millom dei faae; me er trygge naar me gjeng den Vegen Meistaren hev vist oss.

Gudsrike hev me livande i oss fraa

den Stundi av, daa me gjorde Faderens Vilje til vaar Vilje; og med Gudsrike innantil i oss kann me aldri bli utestengde.

*

Tekst: Fødsla i Betlehem.

— — Denne Sogo hjaa Lukas fortèl, korleis det gjeng til naar Menneskjesonen vert fødd. Og han vil lata seg føde i oss alle.

Menneskjesonen som og er Gudssonen, det er i kvart Menneskje Barneviljen som er eitt med Faderens Vilje. Og naar den fødest fram, vert Mannahugen til eit Tempel med Høgtid og Englesong, um han fyrr aldri so mykje var ein Stall.

— «Dette er den aandelege Meining i Sogo,» sagde eg. «Og naar me held oss til den, so tarv me vel

ikkje bry oss um, at Mattæus og Lukas fortèl kvar sitt um Fødsla i Betlehem?»

«Nei,» svara Paal. «Me kann taka det rolegt med det, berre me høyrer Meistaren. Og Meistaren nemner korkje Betlehem eller Nasaret; men um Ætti si segjer han eit Ord som me skal merke oss: Bror min, Syster mi, Mor mi er kvar den som gjer Viljen til Faderen i Himlom.»

«Me kann daa lata alle vaare Spursmaal i Bibelen liggje?» spurde eg. «Som t. D. Skapningssogo . . .»

«Det er eitt Spursmaal som vedkjem meg: kva skal eg gjera at eg kann vinne Live.»

«Eller Sogo um Syndefalle?»

«Syndi er ikkje noko me skal studere; Syndi er det me skal halde oss ifraa. Gakk burt og synda ikkje meir! er Jesu Lære um Syndi.»

*

Tekst: So elska Gud Verdi, at han gav Son sin, den einborne, so kvar den som trur paa honom ikkje skal verte fortjona, men hava ævelegt Liv.

— — Hjaa Johannes brùkar Jesus andre Ord enn hjaa hine; men han viser den same Vegen.

At Johannesboki skìl seg so ut fraa dei hine Jesus-sogune kjem av, at ho er skrìvi aat Heidningkristne. Det ser me av mangt, soleis av det at ho set Jødane so lite høgt; ho læt Samaritanane gaa fyri Jødane. Og det maatte til, um Heidningane skulde bry seg um ho; Jødane var ikkje umtykte i Hellas og Rom.

Det er ein serskild Messias ho fører fram au, ein reint aandeleg Messias; den israelitiske, som skulde leggje Verdi inn under jødiskt Styre, hadde Heidningfolki ikkje kunna med. Ein Sanningskonge og Aandskonge vert

Messias; og Guds Son framifraa, Guds einborne er han; han kjem daa so langt upp fraa den vanlege Verdi, at det vert det same kvar han er fødd.

Ein slik Messias kunde Jødane au klara betre enn ein Messias fraa Nasaret. Det hev vori raadlaust for Judæafolk aa tru, at ein krossfest Galilæar skulde vera Messias; men vart han Guds einborne, so kom Galilæaren meir burt; og daa gjekk det lettare.

Og endaa var det verste att. Sjølve Jesu Ord var utrulegt.

For Jødar som for Heidningar. Jøden trudde at Gud var Far for Israel; men at han skulde vera min Far og din Far, og at han kravde Kjærleik i Staden for Offer, det var for høg ein Tanke for Jødar flest.

Lite betre var det med Bòde um Næstekjærleik. Det stod nok i Moselovi; men no hadde det fengi ny Meining; Næsten var ikkje lenger vaare

næraste, vaar eigi Ætt eller vaart eigi Folk; Næsten var kven-som-helst; kvart Menneskje me raaka var Bror vaar. Det kunde vera Folk som me hata, Folk som me vanvyrde; og det kunde vera Fiendar, Folk som vilde oss vondt; men elske deim skulde me; Brørar med deim skulde me vera; me skulde unne deim likso godt som me unnte oss sjølve; det var eit umògelegt Krav. For Jødar som for Heidningar.

Men Apostlane visste at Jesu Bòd var Guds Bòd. Og naar Folk ikkje skyna dette, so var der berre ei Raad: ein maatte faa deim til aa tru det. Men skulde dei tru Bòde, maatte dei tru Bòdberaren; og Apostlane preika Tru.

All deira Tale gjekk ut paa dette: Jesus, Messias eller Kristus, er den gudvigde og gudsende som me maa tru paa. Orde hans ser underlegt ut for Verdi, men det kjem fraa Gud og er Sanning; og det gjer oss sæle, naar me trur paa det.

Med Tru meinte dei den Trui som fylgjer Jesus, som gjer det han byd oss; Tru og Liv er eitt. Tru utan Gjerningar er daud, sagde Jakob; um eg hev Tru so eg kann flytja Berg, men hev ikkje Kjærleik, so er eg ingin Ting, sagde Paulus; soleis preika Apostlane Tru.

Dei kunde daa med Sanning segja, at den som trur vinn Live. Tru er aa gjera Guds Vilje; og den som gjer Guds Vilje hev Live; han er Barn og trygg hjaa Faderen; vert ikkje fortjona; kjem ikkje under Domen; han er innkomin i Gudsrike; han hev ævelegt Liv.

Med alle nye Ord i Johannessogo og Apostelskriftom: det er Jesu Fagnadbòd som vert forkynt; og fraa sjølve Himilen tonar Guds Krav: honom skal de høyre!

— Lat oss høyre honom.

*

Tekst: Saddusæane segjer at det ikkje er nokor Uppstòdu, og ingin Ande eller Engel; men Farisæarane vedkjenner seg baae dei Ting.

— — Det er slikt dei Skriftkloke slæst um.

Me les mykje um dei Sektine som her er nemnde; Saddusæarflokken heldt seg strengt til Skrifti; men Farisæingane hadde teki upp ymse nyare Lærdomar; av dette vart der Strid, som vanlegt millom Teologar.

Men naar det galdt Meistaren heldt dei ihop. Den Mannen lika dei ikkje; han preika Guds Bòd i Staden for Teologi; og dei var etter han paa all Vis. Stundom sette dei ut at han var i Pakt med Beelsebub; andre Tidir var han ein Etar og ein Vindrikkar; og jamt gnaala dei um at han heldt Lag med Tollarar og Syndarar; med Farre og Fant hadde dei her sagt. Attaat

dreiv dei paa og freista han med kloke Spursmaal; kunde dei faa sett han fast i Skrifti, so vilde kje Folke tru han lenger, meinte dei; og best var det um dei kunde faa falsk Lære paa han; daa var han med ein Gong ferdug.

Meistaren svarar paa det dei spyrr um. Stutt og greidt svarar han, og etter den strengaste rette Læra. So gjeng han fraa deim.

Han var ikkje send til aa disputere Teologi. Til Folke var han send, til dei ulærde og ukunnige, til Tollarar og Syndarar, til alle som trong Hjelp og Rettleiding, til Levi og Sakkæus og meg og deg; og det han skulde lære oss var ikkje kloke Spursmaal og Svar; det var Vegen til Live.

*

Tekst: «*Seg at desse tvo Sønine mine maa sitja ein paa den høgre og ein paa den vinstre Sida aat deg, naar du kjem i ditt Rike!*»

— — Snilde Mor til Sebedæus-Sønine, ho vil hava Gutane sine paa den høge Sess; Herrar yvi Brørane skal dei vera.

Det er den Haatten som i Verdi raar. Der likar ikkje Folk aa vera Tenarar; skal dei tena maa dei hava god Løn. Meir likesæle um Løn er dei naar dei fær gjera kvarandre vondt; for daa kjenner dei seg Herrar. Jamvel millom deim som Læresveinar vil vera er Herrehùgen sterk. Sjølve Jakob og Johannes ligg paa Kne for Meistaren og bed um Herrehøgd; og Paven vil vera Herre yvi Herrar og Konge yvi Kongar um han aldri so mykje kallar seg Tenar aat Tenarar.

Meistaren lærer oss noko anna. Og det i Gjerning so vel som i Ord. Han gjekk ikring og gjorde vel imot alle; han vaska Føtane aat sine eigne Sveinar; og som eg hev gjort skal de gjera, sagde han. Det lærde Jakob og Johannes etterkvart; og det maa me au lære.

Men det er ikkje snart lært. Det er ei Lov som snur Verdi um. Jesus er den største Samfunds-Umveltar som hev livt; det var inkje Under at han vart krossfest.

*

Me kom til aa tala um den gamle Paradis-Tanken. «Der er meir Sanning i den enn me trur,» sa Paal; «Paradis hadde me i dei Tidir daa Bror-Tanken raadde.

«Men Paradis,» heldt han fram, «er enno til; me hev alle vaar Paradis-Tid.

«I Eden leikar den sæle Barndom.

«Men Barndomen gjeng og Ungdomen kjem. Og Ungdomen nøgjer seg ikkje med Barnehagen. Ormen lokkar; Ungdomen fell.

«Men Ormen er ingen Djevel. Det er Ungdomsdraumen som lokkar og dreg; han segjer: du skal verte som Gud til aa kjenne godt og vondt; du skal vinne Verdi. Og han hev Ret: Ungdomen skal lære aa kjenne godt og vondt; og han skal vinne Verdi. So han sidan kann vinne yvi ho.

«Ut lyt daa Adam og Eva or Hagen. Ut i den strenge Livsstrid, som gjenom mange Nederlag skal føre deim fram til eit nytt Paradis. Sæl den som finn Vegen!

«Fram stemner Ungdomen; fram vil han med sitt. Og det ydder og brydder og veks og sprengjer paa; det svell av Liv i Kúmar og Knupp; kvart Blad og kvar Kvist vil fram for seg; Ungdomen er Vaarsevja, Vokstr-Viljen.

«Alderdomen ser paa Ungdomen og undrast: kann dette gange vel? Jamn maa Vokstren vera, tenkjer Alderdomen. Den eine Kvisten og Greini maa vekse som dei hine, so Trée ikkje vert skeivt; Samvokstr maa der vera, Samanheng; Alderdomen er Vokstr-Lovi.

«Vokstr-Viljen og Vokstr-Lovi synest vera i Strid. Ungdomen vil sjaa Framgang; Alderdomen veit, at Vokstr kann ein ikkje sjaa. So fell dei ut. Den gamle er for gamall; han vil alt skal staa stilt, segjer Ungdomen. Den unge er for ung; han ser berre sitt eine, segjer Alderdomen. Men naar Ungdom og Alderdom slæst, daa kjenner dei inst inne best at dei treng einannan.

«Manndomen er Sambande. Den Vaksne arbeider med Ungdoms Varmhug paa sitt eine, men ser dette eine i alltid klaarare Samanheng med det andre; liver i sin Kvist, men kjenner seg i Samvokstr med Grein og Tre; Vokstr-

Krafti som kjenner og godkjenner Vokstr-Lovi, det er Manndomen.

«Den vaksne minnest Ungdomen og skynar Alderdomen; Vaksnetidi er Sùmaren, daa Vaaren mognast og rekkjer Hausten Hand. Og naar frisk Ungdom gjenom sterk Manndom hev naatt sin gode Alderdom, daa ser Menneskje ut yvi Livsvegen sin og vinn Klaarleik. Daa opnast det nye Eden, der Barne Sæle gjeng saman med Ungdoms Framhug og Manns Stødleik med Alderdoms Visdom; alt skynar ein daa, og helsar med Ro den komande Vinter.

«Og Jesu Svein vinn seg meir og meir inn i det fullkomne Paradis, Gudsrike.»

III

Jesus er ein faarleg Mann enno; det er ikkje ofte eg vaagar meg aat Kvernhusheidi.

Kapellanen hev alt eit Par Gongir spurt etter, um eg hev fengi Greide paa Kristindomen hans Paal. Eg svarar, at enno kann eg ikkje anna finne enn at Paal held seg til Skrifti. Men Kapellanen er ikkje nøgd med det. «Mormonerne holder sig ogsaa til Skriften,» segjer han; «Spørgsmaalet er, om man holder sig til Skriften i dens Sammenhæng.» «Det er ikkje Læresetningar han sèt upp,» svarar eg; «han legg fram Kravi til eit kristelegt Liv; det er

det han treng mest til aa minne seg sjølv um, segjer han. Noko i Trui som skulde vere gali hev eg enno ikkje fengi Tak paa; men er det der, so kjem det vel fram ein Gong. Elles,» legg eg til, «gjeng eg ikkje so ofte paa Møti hans no; der er fleire i Skulekrinsen som ikkje likar det.» «Ja det bør De tage Hensyn til,» segjer Kapellanen.

Det verste er at han hev Rett. Ein Tenar er ikkje fri Mann, minst ein Tenar i det aandelege.

Presten er ikkje heller fri. Ja han er meir bundin enn eg, av di han hev meir aa fyri svara.

Di meir eg tenkjer paa det, di meir skynar eg, at eg sjølv laut taka det som Presten, um eg var i hans Stad. Um ein so berre vil tenkje paa det «jordiske»: skal ein liva av aa vera Tenar, so maa ein stelle seg so at ein hev Tillit hjaa sine Fyrisette; og daa maa ein baade

liva etter Rituale sjølv og sjaa vel etter deim som ein hev under seg. For Prestane er det verst; det jordiske og det himilske vev seg so ihop for deim: baade Trui og Live hjaa sine Undermennar maa dei agte paa; ein Skulemeistar som tenkjer, han vil vera reint uhugleg aa hava i Prestegjelde sitt. Helst um han gjev seg til aa høyre paa Jesus, som liksom skulde vera Meistar for Presten au; daa vert alt utrygt. Og daa gjeld det for Aalvor aa minne um «Skriften i dens Sammenhæng», eller um det, at der er fleire i Skrifti aa høyre paa enn denne eine.

Dei talar um at Trui skal vera fri Sak; Trui vert ikkje fri Sak utan for eit Faatal. Vanlegt Folk hev ingi Tru sjølve; dei trur som andre, held seg til den Trui som er godkjend, den som Folk flest held seg til; og so maa det vera; der er ikkje Raad med det. Prest eller Skulemeistar hev daa ikkje anna

aa gjera enn aa leggje fram den aalmenne Trui, Samfundstrui. Hans eigi Tru fær vera hans Sak; i sitt Arbeid maa han halde seg til Katekisma eller gaa sin Veg.

Gaa skulde eg for min Part helst vilja, um eg elles er glad i mitt Skulearbeid. Meir og meir tenkjer eg paa den Vollen og den Myri som Bror min vil selja meg; Vilkaari er ikkje urimelege. Og me kunde hjelpast aat, eg og han, so me greidde oss baae.

Berre den er fri som er sin eigin Mann. Og so kunde eg halde Bryllaup! — Ingeborg er alltid ung enno, og vilde gjerne lære noko meir; helst lurer ho vel paa aa bli Byfrue au, som snart sagt alle no; men me skulde vel koma til Lags um den Ting.

Naa. Enno fær eg halde ut med Skulen eit Bil; eg hev for mykje att av Gjeldi fraa Lærarskulen. Og fekk Banken for hardt Tak paa meg, so

vart eg Træl um eg var Gardmann au; og paa ein Maate vart det verre: eg hadde ikkje berre meg sjølv aa svara fyri daa. Paal røder um, at det skulde vera som i gamle Dagar, at Jordi høyrde Ætti til, so ein aldri kunde bli drìvin fraa Garden; men daa kunde ein ikkje faa laane Pengar paa Jordi heller; og so stod ein der. — So her høver nok ikkje hans bibelske Tankar.

*

Paal er Arbeidsmann paa sin eigin gamle Gard no um Dagen.

«Tolvgards»-Per eldest. Og Sønine hans er spreidde, som vanlegt i denne Tid; ein er i Byen, og ein til Sjøs, og tvo i Amerika; men den eldste styrer Aase, Farsgarden.

Med Mìdelen minkar det. Serleg den Sonen som er i Byen hev vori Far sin dyr; han driv med Handel, men hev

drìvi det so, at den eine etter den andre av dei «tolv Gardane» aat Far hans hev lòti springe. Og no er det daa vel ikkje so greidt.

Det som veks er Utgiftine. Ikkje minst dyrnar Arbeidshjelpi. So hev daa Per funni Vegen til Kvernhusheidi, han som andre. Det kann ikkje ha falli lett for det gamle Gudsbarne aa brjote seg so smaa. Men Paal er god Arbeidskar og attaat billeg; treng ikkje mykje og tek berre det han treng, «handlar ikkje med si Arbeidskraft», som han segjer; og sin Bate skynar Tolvgards-Per. Paal paa si Side vilde gjerne faa gamall Uhugnad med sona, so han kunde «koma heim att» ender og Gong; han var lettbedin som han plar vera. Og so hev det laga seg.

Det lagar seg alt for han Paal, av di han tek det med det gode. Lesarane hev nok drìvi paa og fordømt han. Men meir og meir viste det seg, at

det ikkje hadde «legi noko attum», den Gongen han skilde Lag med deim. Gaava hans til dei fatige kjem visst au vel med. Og det som verre er: han svarar paa vondt med godt; er deim til Hjelp naar han kann. Og aa svara paa godt med vondt vil vel ikkje falle seg i Lengdi for dei heilage heller. Det hev daa stilna med Staake etterkvart; dei gamle Domane um Farisæaren i Kvernhusheidi høyrer ein mindre til, og minst her i Bygdi. «No hev eg heller for lite Motgang enn for mykje,» segjer Paal.

Sin gamle Vén Jens Eide, Lensmannen, er han au komin i Lag med att. Uvenir hev dei ikkje vori; men i den Tidi Paal var Lærar, Lesar som me no helst segjer, kom dei fraa kvarandre. Dei heldt nok ihop naar det galdt paa; soleis var det visst Jens — og Tore, Bror hans — som gjorde mest til, at Paal slapp so lett ifraa dei Ulvane

som var etter 'n, daa dette vonde med Kona hans hadde hendt. Men Jens hev vel ikkje lika den nye Kristindomen hans Paal stort betre enn han lika den gamle. Dei høvdest stundom; millom anna veit eg at Paal laante Bøkar hjaa Jens; men elles gjekk dei kvar sine Vegar, alt til itjor, daa Paal misste Bror sin.

Daa turvtest det Lensmanshjelp til aa greide med det som etter var; og Jens og Paal møttest ofte. Baade i Kvernhusheidi — der Enkja fraa Bø og Einar, Son hennar, au var med ein Gong — og paa Lensmansgarden. Og no raakast dei visst ofte.

«Det er ein gjæv Kar, Jensemann,» segjer Paal. No sist rødde han mykje um han; fortalde um gamle Dagar og det som hadde skilt deim aat daa; «men no,» sagde han, «hev me lært mykje baade han og eg, so at med alt som skil kann me semjast um mangt.» Og han heldt fram: «Jens var meg alltid

ein god Mann. Ikkje minst maa eg minnast den Tidi daa Heimen min brotna og alt ikring meg syntest ramle; Vêrbrørar flest hadde skilt Lag daa; og det hadde vori Rett; for større enn eg sjølv rett skyna var Syndi mi. Men so svart som alt saag ut: Tore og Jens trudde meg; og eg hev sidan lært aa sjaa, kor mykje det gjorde til aa halde meg uppe. Eg hadde helst teki Straff sjølv; jamvel rangvis Straff hadde vori meg ein Lette i den Tidi. Men etter det som serleg Jens og Tore lagde fram vart der inkje Tak aa faa; og Straffi hev eg sidan fengi taka av den høgste Hand, so som nok best var. Og takksam maa eg vera for so trugne Vénir.»

Eg saag at det var best aa koma innpaa eitkvart anna no; han vert so stur i Augo Paal, naar han minnest denne myrke Tidi. «Tenkte han ikkje paa Storthinge ein Gong, Lensmannen?» spurde eg.

«Det veit eg ikkje,» svara Paal; «den Gongen vilde han havt meg paa Thinge. Han so vel som Lars Nordbraut og dei, um elles paa andre Grunnar: eg maatte kunna føre Bondesaki fram, meinte han. Det kom reint paa Tverke for Jens, daa eg ikkje kunde vera med paa dette.»

«Det var Sakførar Rabbe som vart vald i Staden?»

«Nei; han kom sidan. Fyrst valde dei inn Presten Braut. Han var daa au Bonde paa ei Vis.»

«Ja-ja,» sagde eg; «dei høver vel ikkje verst dei tvo: den eine halvt vinstre og den andre halvt høgre?»

«Dei greider det betre enn eg hadde gjort,» svara Paal; «men den Dagen kann nok koma, daa Jens Eide bør paa Thinge.»

*

Bygdi drìv paa med sitt: Paal skal bli Herre paa Hòve att. Gunnar hev lati Lensmannen setja upp eit Testament, segjer dei; og det gjer Paal til Erving etter Gunnar, paa Vilkaar av at han gifter seg og kauper att Farsgarden. Men vil han ikkje det, so skal Einar, Systerson hans, faa Pengane, um han vil taka Hòve.

Men at dette er Drøs og Dikt er Gudleik stød paa; og han kjenner Paal. Hev fylgt han i alle Aar som ein Svein fylgjer Meistaren. Og Gudleik kann ein tru paa; han segjer ikkje anna enn han veit.

Stillfarande hev han visst alltid vori. Men det stille Lage fekk reint Magti daa han misste Evelinde; henne hev han vori svært glad i.

Men korleis det kann ha vori med henne?

Dei lìvde godt ihop. Og det Orde som ein Gong hadde vori uppe um

henne og Paal, døydde snart av att. Lengi fekk ikkje Gudleik hava henne; ho døydde paa Barnseng eit Aars Tid etter Bryllaupe; og anna enn godt var aldri aa høyre etter Evelinde.

Men dermed er det ikkje sagt at alt var greidt.

— «Paal gifter seg vel ikkje no, so vidt upp i Aari komin som han er?» spurde eg.

«Paal gifter seg ikkje,» svara Gudleik.

«Minne um Helga er kannhende au i Vegen?»

«Ja; han hev endaa fengi Bòd fraa Helga.»

«Bòd, segjer du?»

Gudleik tagde eit Grand. So riste han paa Hovude; «dette skulde eg ikkje sagt.»

«Du kann vera trygg; det skal ikkje koma lenger. Men Bòde du nemnde —?»

«Ja naar eg hev sagt so mykje —. Det var so, at daa Evelinde laag paa

det siste, daa saag ho Helga Hòve ein Gong.»

«Saag henne?»

«Ho stod fram-fyri Sengi hennar ei Natt; Evelinde saag henne tydeleg.»

«Det var eit Bòd ho kom med?»

«Det var det. Ho visste det no, at ho hadde mis-teki seg hin Gongen; og det skulde Evelinde segja han. Det ligg paa meg som ei Tyngd, sa ho, alt til dess han fær vìta det. Og so skulde Evelinde segja han ein Ting til. Han maatte ikkje gifte seg att, um han vilde hava sin Sjælefred, skulde ho segja.»

«Aa? — Og Evelinde fekk sagt Paal det?»

«Ja; me sende Bòd etter han Morgonen etter; og ho sagde han det, daa han kom.»

«Svara han noko paa det?»

«Han bad henne takke Helga for Bòde; det var det Bòde eg turvte mest, sa han. Og for det andre kann ho

vera trygg, sa han; eg er aaleine og vert verande aaleine. Eg saag paa Augo hennar kor glad ho vart.»

«Det er merkelegt. Hadde ho elles noko aa segja Paal paa det siste?»

«Nei. Ho sagde berre det, at 'eg hev vori lydig', sagde ho. Og det sagde ho fleire Gongir. Han tala for henne so vent at eg aldri hev høyrt noko Menneskje tala so vent; og ho vart so ljos som ein Guds Engel og sagde berre dette eine: eg hev . . . vori lydig;» Gudleik vart ustød i Maale og vende Hovude burt.

«Ho var aldri med i Kvernhusheidi, Evelinde, — i sine friske Dagar?» spurde eg.

«Nei; han hadde forbodi henne det. Men naar eg hadde vori der, so maatte eg segja henne kva det var for eit Stykke i Testamente Læraren hadde lesi; 'for naar eg les det, so er det som eg var med paa ein Maate likevel,' sa ho.»

Ei Stund etter lagde han til:

«Dei sagde Paal skulde ha tenkt paa Evelinde. Og det i den Tidi daa Helga livde endaa-til. Haa, haa; dei kjenner ikkje Paal. Den Kvelden daa dette med Helga hende, veit du, — ja; det var meg Paal tala til Evelinde um den Kvelden; og det hadde Helga, Stakkar, mishøyrt. Og ho var ikkje frisk i den Tidi, Helga; ho tok seg galne Tankar av alt. Og den Kvelden skulde det ikkje meir til enn eit mishøyrt Ord, fyrr det verste kunde hende. Gud hjelpe oss alle so sant!» —

— So heng det ihop, kannhende. Det hev ikkje vori berre sjuk Draum, naar Helga trudde ho stod imillom. Og ein Dag hev Paal sjølv kjent at han ikkje var heilt utan Skuld. So hev han sagt til Evelinde: tak Gudleik; me maa ikkje sjaa kvarandre meir. Og ho var lydig til Dauden.

Heng det so ihop, so skynar eg at Paal likso gjerne hadde teki ein Dom; tungt hev det vori aa bera den Byrdi so reint aaleine.

*

Tekst: Syt ikkje for dykkar Liv, kva de skal eta og kva de skal drikke . . .

— — Syt ikkje, segjer Meistaren. Ofte kann det sjaa smaatt ut; men Faderens Rikdom hev me aa stole paa; og den tryt ikkje; den veks æveleg fram att paa nytt.

Sjaa paa Blomane; dei spinn ikkje og vev ikkje, men er venare klædde enn Kong Salomon; og sjaa paa Fuglane; dei saar ikkje og haustar ikkje, men Faderen føder deim; og me er meir enn baade Fugl og Blom; kvi skulde daa me syte?

Me skal tru og vera glade som Fuglen. Men ikkje late skal me vera; me skal lære av Blom og Fugl i det Stykke au. Blomen syg Næring av Mold og Aur og strævar Dagen lang; Fuglen flakkar og flyg fraa Soli renn etter Mat aat sine og seg; me au skal stræve og vera um oss. Men me skal ikkje syte; me skal liva etter Guds Ord og nøgje oss med det me treng; er me onnuge og smaanøgde som Fugl og Blom, so vil Faderen føde oss som han føder deim; det kann me stole trygt paa.

Heidningane syter; og dei syter jamt; er dei fatige syter dei og svelt; er dei rike syter dei og for-ét seg. Og ét upp for kvarandre, og snyter og stel fraa kvarandre, og er æveleg utrygge. Dei veit, at kor mykje dei samlar, so vert det Ende paa alt; men dei fatige hermer etter dei rike so langt dei rekk; sidan lid dei Naud, eller freistar aa taka seg til Rettes.

Sut og Ufred hev Verdi stødt, med alle sine Matberg og Gullhaugar. Og Ufreden varer og veks; og Rike etter Rike sig i Jord, alt til dess Verdi ein Dag lærer aa bøygje seg for Guds Lov.

*

Tekst: Heidra Far din og Mor di!

— — Med dette Bòde fylgjer ein Lovnad; der er liksom sett Strìk under det; vil eit Folk lìva lengi og vel, so maa det gjeva serskilt Gaum etter Bòde um Ættesamenheng.

I Jesu Tid hadde dei Skriftlærde gjort det til inkjes for si Fyrisetning Skuld; ein Son kunde gjeva Temple det Foreldri skulde hava, og gjorde daa ei god Gjerning. Men Meistaren minner deim um, at Guds Bòd er yvi Menneskjebòd. Dette høyrer dei ikkje

paa; og snart maa han daa felle Domen: Huse deira skal øydast for deim. Misser Heimen si Magt i eit Folk, so hev Folke dermed dømt seg heimlaust.

I vaare Dagar stend det knapt betre til. Foreldri vert meir og meir avsette; ja dei drìv paa og sèt seg sjølve av.

Serleg fort gjeng det i Byane. Foreldri fær annsamt med sitt og sèt Borni paa Skule; paa Skulen fær Borni annsamt med sitt og kjem burt fraa Foreldri. Det er Grunnmuren som sviktar; meir og meir sig Heimen sund.

I Staden kjem Samfunde. Det tek til med Samfundsskulen for dei unge og endar med Samfundskassa for dei gamle; for Borni vert leide av Foreldri som Foreldri av Borni. Og Foreldri vart leide av kvarandre; det var Borni som skulde haldi deim i hop. Snart sìt Mori paa sitt Kantor som Faren paa sitt. Og Samfunds-Matsalar kjem i Staden for Heimebord. Alt

vert Publikum. Og Live vert Striden for Tilvære kvass og nakin.

Daa eldest Folke. Det vert kaldklokt og reknar seg fram; snart reknar Foreldri ut kor mange Born dei vil hava. Ein stor Barneflokk er brysam; og i Byen er han dyr; og Arven vert dess mindre di fleire det er um han; tvo Born maa vera nok; tri er Høgdi. Ægteskape au vert eit Reknestykke; det løner seg berre naar Gifte er rikt. Men rike Gifte er ikkje for alle aa faa; Lausgifte fær Magti. Daa losnar alt upp. Far og Mor er tvo framande Menneskje; og Borni kjenner ikkje dei Foreldri dei skulde ære. Det bèr til Sodoma meir og meir. I sjølve Folkegrunnen tek det til aa rotne. Opinberringi talar um den store Skjøkja; det er Storbyen som der er meint.

Landsbygdi klarar seg lengst; og Storbyen liver lengi paa aa blodsuge Bygdine. Men Rotinskapen ét seg

ut-yvi etterkvart; den Dagen kjem, daa Lande au ligg ut-tært. Daa er Domen fallin.

Langt Liv kann berre det Folke vente, som held uppe Vyrdnaden for Far og Mor, og Vyrdnaden for det aa vera Far og Mor: Vyrdnaden for Live og Livsvokstren. Sæle dei Folki som ikkje fær for mykje Byar!

*

Tekst: Bryllaupe i Kana.

— — Mange vil vera Guds Born, men likar ikkje Guds Bòd. So lagar dei seg sjølve Bòd; dei gjev Tiend av Mynte og Karve og alslags Urtir, men spring yvi Retten og Kjærleiken til Gud; eit slikt sjølvgjort Bòd er det som me kjenner so vel til hjaa os i seinare Tid: at me ikkje maa vera glade. Ver som Fuglane under Himilen! sagde Jesus; ver

som Sytekraakur i ein Sutrekrok, segjer dei vakte; det skal vera Synd aa halde Moro, Synd aa skjemte og leike og gleda seg. Naar den burtkomne Sonen vert fagna med Spél og Dans, eller naar Jesus i eit Bryllaup gjer Vatn til Vin, so vil dei ikkje vìta um det; og ser dei glad Ungdom, eller høyrer dei Fela læt, so sukkar dei og slær Kross for seg. Og lange Bønir held dei; og preika for andre gjer dei; men dei syndar gjerne: ét upp Husi for Enkjur og læt Lasarus svelte.

Me skal ikkje fara etter slikt Folk. Me er ikkje Trælar men Born; og den som gjer det han skal og ikkje gløymer den som treng, han baade kann og skal vera glad. Og naar det so fell seg, kann han trygt hyggje seg saman med Vénir og Kjenningar.

I Kana heldt dei Brullaup og hadde eit hugsamt Lag. Og Jesus var med; han saag ikkje noko vondt i at Folk

hadde Moro. Og um dei var drukne paa ein slik Dag — ikkje brennevinsgalne, men vin-glade —, so vart han ikkje sur for det; han lét deim endaa faa meir Vin, daa Mor hans bad um det. Han visste dei var skikkelege Folk, som ikkje drakk meir enn dei hadde godt av.

Vert me so gamle og vise at me ikkje vil vìta av Moro, so er me visare enn Vaarherre, og det er for mykje. Det gjeng daa au som det kann. Sjølve vert me sære og sure; og Ungdomen, som serskilt treng Hugnad, han søkjer seg Moro i Skugg og Skjol; og vert ikkje den Moroi god, so er det me gamle som hev Andsvare. Aat slike altfor kloke Gamlingar er det at denne Sogo er skrìvi; og dei som undrast mest paa aa finne ei Bryllupssogu i Testamente, dei treng mest um aa lesa ho.

Fyrr var dei gamle so unge at dei fylgde baade Ungdom og Born i baade

Moro og Leik; og daa vart god Folkeskikk sjeldan gløymd; den Maaten maa me faa upp att. Elles vert me snart gamle alle.

Det vart Ordskifte um dette; ikkje minst kom Spursmaale um Ungdomen upp. Eg studde under det Paal hadde sagt som eg kunde best; «det vert snart det vigtigaste for ein Lærar aa vera ein god Leikar no,» sagde eg; og ho Elen Ramstad — som er gift med ein Lesar og ikkje ofte vaagar seg aat Kvernhusheidi — heldt med meg i dette. Andre rødde um den Villskapen som gjerne vil upp naar Ungdom held Lag; men Paal heldt paa sitt: «det stygge kjem, naar Leiken maa halde seg fraa Ljose. Lat gamle og unge halde Lag; so kjem god Folkeskikk til Ære att!»

Han Aasmund i Aasebròte, «Austlendingen» dei kallar, var helst rædd Fela. «Me hadde ein Spélemann i vaar Bygd,» fortalde han, «som var so glup,

at dei meinte han hadde lært av Fossekallen. Og i alle dei Lagi der han spéla var det som den Vonde var laus; det vart Slaasting og Knivsbruk og alt som fælt var. Og dei meinte han var laus au, Styggen; han sat i Fela, trudde dei. Og det held eg ikkje urimelegt.» Eit Par av oss lo; andre var svært aalvorsame.

«Det er ein gamall Tanke at det vene høyrer den Vonde til,» sagde Paal; «men nokon Jesus-Tanke er det ikkje. Det stygge og vonde høyrer ihop; med vent fylgjer godt; den Gode er Upphav til det fagre. Vert nokon drìvin til vondt av Felespel, so hev han det vonde i seg sjølv og tarv ikkje skulde paa Fela.

«Det er Gud aa takke at Verdi er ven; me skal kje gjeva hin Mannen Æra for det. Berre sjaa utyvi Bygdi no Ettersùmar Dag, naar Lyngen bløma og Aakrane gulnar og Engine ligg

avslegne; sjaa paa Raunen med sine Bær og Apalen med sine Eple; eller paa Have som blenkjer og blaanar, eller paa den klaare høge Himilen; Gud er i alt dette, Aasmund. Den Vonde høyrer til i Helvite han; og der er ikkje vent.»

Aasmund var so rimeleg som han kunde; det vene som der var Gagn i turvte ein ikkje vera rædd. Men at Hinmannen sat i Fela hadde han alltid høyrt; og ikkje trudde han det kunde vera betre aa drikke seg full paa Vin enn paa Brennevin heller. «Nei det kann du vera stød paa,» smilte Paal; «drikk du deg full, so er du full; og det er gali, um det so var sur Mjølk du var full av.

«Men Fela vil eg forsvara,» heldt han fram. «Toneleik høyrer til det finaste og høgste me veit um; og der er ikkje meir vondt i Fela enn i Orga; eg gløymer aldri Ole Bull, som grøtte

meg med Fela si ein Gong. Fælsleg Toneleik finst, som det finst stygge Sogur og Kvad; Trollskap og Develskap er ute i Fossekall-Spél og Fanitullar som stundom i dei største Toneverk. Men Trollskapen er kje i Spéle, Aasmund. Det er ikkje Spegilen du skal skjelle paa, naar du ser du er svart; du skal takke til at du hev Spegil og berre vaske deg.

«All Kunst priser Gud i det fagre, og segjer oss Sanningi ved aa vise oss det ufagre. Folk lo aat denne Kunstmaalaren som sat her nede og maala Vatn og Lyngheid; men daa eg var ned-um han ein Gong og saag paa Bilæte hans, so saag eg det eg aldri fyrr hev visst: at der er vent ikring Heialandsvatne. Og det ser eg no kvar Dag sidan. Det fagre Gud hev gjort, men som me sjeldan ser der me gjeng og slit, det kann slikt eit lite Kunstverk feste og leggje fram, so det vert

ein Hugnad for oss; ein Maalar kann gjeva oss meir enn mang ein Prest. Diktekunsten skynar me alle, mindre eller meir; myrkt eller villt stig det vonde fram, men Livsmagtine dragande ljose. I unge Dagar var eg paa Teater stundom; ein Gong saag eg eit Stykke der den Vonde sjølv var med; men Stykke var godt; det viste at ærleg Vilje vinn yvi det vonde kor sterkt det er; og det hev ein alltid godt av aa bli mint um.»

«Me skal forsaka Verdi, Paal?» undrast Gudleik.

Paal smilte. «Me skal forsaka det vonde i Verdi. Men det fagre er Paradis-Minningar, som me ikkje skal drìve fraa oss; og Gudsdyrking er det aa gleda seg i Guds Verk.»

*

Eide-Karane var i Kvernhusheidi sist. Samrøda kom inn paa Vilkaari for Bonden no for Tidi.

Eg nemnde det Drøse som gjeng i Bygdi um Paal og Hòve-Garden; det lo Paal aat. «Ein Gong,» sagde han, «baud eg Bror min aa vera Dreng paa Hòve, i Fall han vilde vera Husbond; det laut vera noko paa den Maaten, um so var.» Gudleik saag paa meg og nikka.

«Du kunde visst trygt vera Husbond au no,» smilte Jens; «det vert so mange Tyngslur paa Jordi, at for glad i ho vert ingin.»

«Dei vil fraa Jordi alle no snart,» lagde ein Unggut inn.

«Kvar skal Ungdomen av?» sagde Tore Eide; «paa Skulen veks han upp, og kjenner seg snart ingin Stad heime; og Jordi vert meir og meir Handelsvare; gjeng fraa Eigar til Eigar som ei Klokke eller ein Hest. Den Dagen

kjem, daa Bonden trælar for Pengemagti mest som Verksarbeidaren.»

«Der er nok av Bøndar som er Banktrælar alt,» sagde Jens.

«Friare enn Embætts- og Umbotsmennar er likevel Bonden,» meinte eg.

«Aa ja,» svara Jens. «Han heng ikkje nettupp i Klokkesnori. Men meir og meir heng han i sine Bankterminir; og naar dei vert mange nok, so er ikkje dei betre.»

«Naar dei vert mange nok vert han utkasta,» sagde den unge; «men Embættsmannen sìt, so lengi han ikkje beintfram bryt Lov og Rett; han hev det tryggare.»

«Du skal sjaa det er betre aa vera Dreng enn aa vera Husbond no,» smilte Paal.

«Ja det er det det er,» sagde Lensmannen. «Drengen hev si faste Løn og er trygg paa sitt, so lengi han ikkje bryt Kontrakti; men Husbond maa taka

Vilkaari som dei kjem; og vert dei for stride, so vert han uthivd som ein annan Bankerottspelar. Det var i gamle Dagar at Bonden sat paa si Tuve trygg, — daa Jordi høyrde Ætti til.»

«Og endaa er det snart ingin som vil vera Dreng heller,» sagde Tore.

«Tru det er kje helst denne nye Skulen som er Skuld i slikt?» spurde han Aasmund i Aasebròte; han saag paa meg.

«Skulen gjer sitt,» sagde eg. «Og det um Skulemeistaren strævar imot det beste han kann. Det er det, maatru, at Landsskulen fyrst og fremst skal skaffe Bymannen billege Krambugutar.

«Men andre Ting hjelper til,» heldt eg fram. «Som no dette, at Byfolk ligg paa Lande um Sùmaren og «hviler» midt i vaar stridaste Arbeidstid; og dette gjeng Landsungdomen og ser paa, og trur, at soleis hev Byfolk det alltid. So vil han til Byen og faa det

soleis han au; kven kann undrast paa det?»

«Ungdomen maa til Byen og lære at han hev det best paa Lande,» sagde Paal. «Men her paa Lande maa me lære Guds Lov um Jordi; lærer me den, so misser baade Byen og Banken si Magt, og Bonden kjem til aa sitja paa si Tuve trygg som i gamle Dagar.»

«Guds Lov um Jordi vinn nok upp att,» meinte Tore; «der er Teikn til det alt no, trur eg. Men fortèl oss um Jordlovi fraa Bibelen, Paal; det var visst i Grunndragi den som galdt her au fyrr i Verdi.»

«Du maa kje tru,» sagde Paal, «at eg hev visst meir um den bibelske Jordlovi enn du; i slikt held dei skriftlærde seg til dei rettslærde. Og dei rettslærde held seg til Rom; me er Heidningar her heilt ut. So raadspurde eg Meistaren. Han sagde: Moses og Profetane skal gjelde til Gudsrike kjem;

hald deg til Moses i slike Spursmaal. Eg gjekk til Moses; og der fekk eg Upplysning.

«Jordlovi hjaa Moses er bygd paa Brodertanken; og denne Israelslovi hev Jesus gjort til aalmenn Lov. Det er daa den, me maa halde oss til, og ikkje til Romarretten.

«Hjaa Moses og Jesus er Grunnkrave det same i Samfundslovi som i Moral-Lovi: du skal elske din Næste som deg sjølv. I Samfundslovi er Krave soleis ordfest: du skal ottast Gud og stelle deg so, at Bror din kann lìva med deg. Men skal me lìva med kvarandre som Brørar, maa me alle hava det me skal lìva av; alle maa hava Jord. Det er daa Samfunds-Grunnlovi: Jordi er for alle.

«Jordi høyrer Herren til; Faderen er Eigar; av honom hev Brørane fengi Jordi i Leige; dei skal skifte ho millom seg so, at dei kann lìva med kvar-

andre som Brørar. Ingin hev Ser-Rett; og ingin hev Mindre-Rett; alle Borni hev kvar sitt Rom ved Borde i Faderhuse.

«Tek nokon meir Jord enn han treng, so forbryt han seg, mot Faderen som mot Brørane; den som drìv Handel med Jord, tek Pengar av Brørar for den Jordi Faderen eig, han er Varg i Veum. Og han er Draapsmann. Stengje eit Menneskje av fraa Jordi er som aa stengje det av fraa Luft og Sol; alle dei Armingar som ligg i Vegar eller paa Bygatur og svelt, skal vitne mot Jordherre-Kain paa Domedag. Ser-Eigedom til Jord er i klaar Strid med Guds Lov.

«Ikkje alle Villmannshaattar var yvivunne paa Mose Tid. For dei harde Hjarto Skuld vart daa Serlovir gjevne til Naudhjelp; ei slik Serlov gav Moses um Hjelp for Kravshavarar i Gjelds Tilfelle. Sjukdom eller Vanhøve kunde tvinge ein Mann til aa laane; og Lovi paalagde dei velhaldne aa gjeva slike Laan,

liksom ho i det heile kravde Miskunn og Brorhug; men ikkje meir daa enn no kunde ein lite paa at alle vilde hjelpe ein Bror i Naud utan Trygd; Lov for alle Tilfelle laut det daa vera.

«Men Trygdelovi for Kravshavarar var ikkje som hjaa oss, der Rikebror kann plundre Armebror og drive han paa Bygdi; Jordi kunde den rike aldri slaa under seg. Kravshavaren kunde taka Grøda; han kunde taka Bruksretten til Jordi au; kneip det, kunde han faa Rett yvi Laantakaren sjølv; kunde tvinge han til aa arbeide for seg, gjera han til Træl, som dei daa beint fram sagde. I slike Tidir laut den skuldbundne og Folke hans hjelpe seg paa Fatigmanns Vis, soleis med Aks-samling paa Aakrane, som Lovi gav Rett til; i Kvile-aare, 7de-kvart Aar, var endaa alt som voks paa Aakrane fritt for alle. Og der var strenge Bòd um aa hjelpe den som trong; for der skal ikkje vera

nokon Tiggar ibland dykk, baud Lovi; den fatige kom daa aldri paa Sveltihel. Og dei vonde Dagane fekk Ende. I Kvileaare vart alle Laan ettergjevne; i Helgaare vart all seld Jord attgjevi; lenger enn ei viss Tid kunde ingin hava Rett yvi Bror sin.

«Jordi var urørleg, av di ho aldri vart Sereign; Ætti var Jordherre og ikkje Mannen. Og Ætti var Jordherre so lengi ho var til. Den Gudslovi um Jordi som Moses bokførde og Jesus stadfeste, hev i gamal Tid alle Folk havt, me med, som du Tore nemnde; og i store, gamle Rike stend ho enno ved Lag, mindre eller meir. Men hjaa oss hev Sereiga til Jord lagt seg yvi Lande som eit Bann, um me aldri so mykje kallar oss kristne; berre eit Faatal slepp til aa brùka Jord; og det dei ikkje kann brùka ligg halvnytta og unytta, um aldri so mange kunde trengje til det.

«Men Straffi kjem. Meir og meir av Jordi vert lagt inn under Mammonsvelde, og Armodi aukar Tid for Tid. Den Dagen kjem daa det gjeng med vaare Land som det gjekk med Rom, um det skal halde fram som det no stemner.

«At Jord-Eiging er Heidindom kjende me paa oss baade han Far og eg,» slutta Paal, «og lett er ikkje Floken aa greide. Men no held eg meg til Meistaren; Guds Lov maa upp att. Og er det som du Jens fortèl, at ho tek til aa vakne i sjølve Stormammonsrike Amerika, so maa me kunna vente ei Vending.»

«Kor mykje me kann vente veit eg ikkje,» svara Lensmannen. «Men Tanken kjem visst upp. Den Boki du laante meg etter Bror din, Paal, er godt skrìvi og legg Tilstandi klaart fram; ho vil ikkje vera lett aa sleppe ifraa, det eg trur.»

«Det er den gamle Jord-Tanken, so vidt som eg forstend,» sagde Tore.

«Den gamle Tanken tillempa etter Vilkaari no,» skøytte Jens til; «i Tidir som desse er det millom anna ikkje alle som treng Jord. Men dei som vilde hava skulde faa, og det paa Vilkaar so alle vart hjelpte.»

Han greidde ut Vilkaari, og svara paa dei Spursmaali han fekk; det var forvitnelegt aa høyre paa. «Mot alle desse sosialistiske og anarkistiske Umveltings-Tankar,» heldt han fram, «er dette ei Tillemping so lettvinn og greid, at berre eit engelskt Hovud kunde finne ein so skipeleg Utveg. Men Magti vil gjera tjukke Øyro; og Mengdi vil seint høyre paa ein Mann som gjer so lite Braak som denne Henry George.»

«At den gamle Tanken kjem upp i Amerika er ikkje rart,» sagde Tore; «Pengevelde er so villt der burte at Folk vert nøydde til aa tenkje seg um.»

Dette vart motsagt; i Red River-dalen og andre Stadir var der mykje billeg Jord aa faa. Jens smilte; «Jenkien greider seg so lengi han hev Indianaren aa røve Jord ifraa; so i Amerika kjem ikkje Tanken upp so snart. Heller maa han faa Tak paa Folk i gamle Land, der Jordi er utskift, som i Bretland, der ho meir og meir verd lagt ut til Sauebeite og Dyreskog, og der Jordarbeidaren hev det mest endaa verre enn Byarbeidaren.

«Men Pengevelde er seigare enn me tenkjer,» heldt han fram; «og i det heile trur me Smaafolk helst paa deim, som lovar aa greide alt med ein Umstøyt og nokre Paragrafar.»

«Her i Lande skulde me vel kunna høyre paa ein Mann som heldt seg til Jordi,» meinte eg.

«Det bør me tru,» svara Lensmannen. »Men her er det den Ting, at me er ikkje rett med enno. Norig er

ikkje noko Land; det er eit Territorium som Svenskar og Heimedanskar rivst um; og so lengi det held so paa kann ikkje Jordspursmaale koma upp; Folk slær seg til Ro med Amerika til so lengi.»

Ei Stund etter heldt han fram: «Me fær elles trøyste oss med, at noko Pengevelde hev me ikkje enno. Lite hev me sjølve aa fara med; og av framand Pengemagt er her knapt anna aa tala um enn Hypothekbanken. Men den kjennest for Bonden som ei rein Hjelp; han kann træle for Hypotikken og endaa kjenne seg sjølvberga. Det vert nok verre, skal me sjaa; og fyrr det vert verst kann ein ikkje vente at eit Folk skal koma til aa tenkje.»

«Pengevelde sig innyvi oss so vidt no,» sagde Tore, «at me kjenner kva Leid det ber paa.

«Det var smaatt for Bonden fyrr au,» heldt han fram; «han sat ofte Leig-

lending paa Garden sin. Men han klara seg betre likevel daa, av di han gjorde sitt meste Arbeid sjølv, og greidde seg med mindre. Borni au klara seg; der var nok ingin Pengearv; men paa Farsgarden var dei heime til dei sjølve fekk seg Heim. Og dette vart Farsgarden ikkje tyngd av; for dei greidde for seg med Arbeid. Og so lærde dei aa arbeide au. Og aa spara.

«Alt gjeng med Pengar no, som me veit; og daa gjeng det lett; men det spyrst um det kann gaa lengi. Det vert Skuld paa Gardane, men lite Arbeidshjelp, som me alt godt kjenner til; Tingen er, at dei som ventar Arven sin i Mynt, dei bryr seg mindre um Jordarbeid; dei vil helst til Byen eller paa Skular. Og der vert Arven gjerne upp-øydd fyrr dei fær han; men Heimegarden maa ut med Pengane og fær inkje att. Slit so sidan med denne Gjelden, som altfor ofte vil vekse. Og

Amerika lokkar som eit Kanaans Land; oftare og oftare gjeng Garden or Ætti. Og Landsfolke minkar helst. Skal dette halde paa, so kann det snart gaa som i Engelland: at Folke vert liggjande paa Bygata, og Pengeherrane legg Jordi ut til Dyreskog, som du segjer.»

«Ja her er nok aa tenkje paa,» sagde Jens; han saag sturin ut. «Men Folke kjem ikkje til aa tenkje paa desse Ting, fyrr me vinn oss ut or Politiken.»

«Me hev klara Ufred og Svartedaude og Sveltihel og klarar vel Politiken au,» meinte Paal; «men so lyt me til aa tenkje paa Maten.»

«Daa lyt det bli Stundir til det, fær me tru,» svara Lensmannen.

*

Noko gløymde eg aa faa med fraa Sundagen sist: Paal og Jens kom upp-i eit teologiskt Ordskifte.

Det vart fortalt um ein Lesar i ei Grannebygd; «Paal Høve er Antikrist,» hadde Mannen sagt; «han neitar Helvite; men kven trur du vilde høyre paa Guds-ord, naar ikkje Helvite var?»

«Ja, ja,» sagde Paal. «Det skal og vera Kristindom: brenne sin Næste!»

«Det er gamall Kristindom det,» svara Jens. «Fyrr brende dei Næsten sjølve; no set dei Hinmannen til aa brenne 'n; det er paa ein Maate likare. Verre er det, at Elden maa vera æveleg no; dei som kjem til aa gruvle paa det vert stundom sjuke; og daa kann det hende syrgjelege Ting, som me veit. Men kva Raad er her? Med dei Til-standi me no hev, treng Folke Helvite.»

«So ille er det vel ikkje?»

«So ille er det,» svara Jens. «Dei som slit vondt og ser at andre hev det godt, dei kjenner at dei lid Urett; og skal daa ikkje alt bli meiningslaust maa den Uretten jamnast; og han vert jamna,

naar Lasarus kjem til Himils og den rike til Helvite. Men Uretten hev vorti so mykje større for Smaafolk no enn fyrr, at Helvite au maa bli verre; æveleg maa det brenne, skal der vera Hjelp i det.»

«Det maa vel vera nok,» meinte Paal, «naar den rike vert pint til han hev betala den siste Skjerven.»

«Det er nok,» svara Jens, «naar Fatigmann fær tru som Kyrkja lærer, at so langt kjem den rike aldri. Det var annarleis i Jødeland, der dei trudde paa Tusundaarsrike; me som veit, at i Staden for Tusundaarsrike kom Pavedøme, og i Staden for Gudsrike Pengevelde, me lyt hjelpe oss paa vaar Vis.

«Det skynar ein Lensmann,» heldt Jens fram, «naar han er ute og eksekverar og auktionerar og driv Armingar fraa Hus og Heim; hadde ikkje Armingane Helvite daa til aa sende Lensmann og Fut og heile Hurven ned i, so fekk me

fleire Draapsmennar enn me kunde skaffe Husrom til.»

«Jesus let Lasarus bli sæl og den rike pint,» svara Paal; «no er det likso snart Lasarus som vert pint og den rike som vert sæl; kann det trøyste Folk?»

«Naar Presten sender den rike til Himilen,» svara Jens, «so trur ikkje Folke noko større paa det. Det veit og, at Lasarus kann koma til Himils like godt, um Presten ikkje held Gravtale; den fær mykje tilgjevi som leid mykje, tenkjer Folke. Og so lengi me ikkje kann skaffe det likare Livsvilkaar, so fær me lata det trøyste seg so. Tankane vert nok ljosare, naar Live letnar.»

«Det maa me tru. Kome ditt Rike!»

*

Kapellanen hev lati meg vìta, at Folke i Krinsen min er «forarget» yvi at eg gjeng i Kvernhusheidi. «Og Pastor Braut synes ikke heller at det tager sig godt ud.»

Det er ikkje ofte eg hev vori i Kvernhusheidi denne Vinteren. Men Prestane skynar, at noko Tak paa «Lovforkynnaren» fær dei ikkje gjenom meg; og at Folke ikkje likar aa sjaa Læraren aat Borni sine i Skule hjaa Antikrist er rimelegt. Kor skulde det gaa, tenkjer mang ein ærleg Mann, um Skulemeistaren ein Dag gav seg til aa forkynne i Skulen at me skal halde Lovi?

Folke kann ingin undrast paa; det held seg til det som det hev lært. Og Prestane fèr som dei maa fara. Eg lyt gjera som Presten vil. Kann ein ikkje segja upp og gaa, so fær ein rette seg etter Husbond; ein er ikkje Tenar for inginting.

— I Dag raaka eg Paal; han kom

fraa Guri i Heialandsmarki; hadde sett Jordeple aat henne. «Naa,» sagde eg, «du drìv paa med din Lovtrældom?»

Paal smilte. «Aa, litegrand.»

«Ja-ja; det kjem visst vel med.»

«Eg veit ikkje,» svara han; «ho Guri vil nok helst hava av Kassa no; og daa vert eg i Vegen.»

Eg laut læ. «Ja dei vil paa Kassa no; den eine etter den andre.»

«Det er so godt aa hava noko visst,» smilte han.

«Ja, ja; kva skal ein segja.»

— So fortalde eg mitt.

Han høyrde paa meg og smilte; «ja dette hev eg venta paa,» sagde han. «Det vart meg nok sagt, at du kom paa Utspæjing; men det saag meg ikkje rett ut til det heller; og daa tenkte eg: dette gjeng ikkje lengi godt.»

«Utspæjing, ja,» sa eg; «du kann vìta eg hev lògi meg fram.»

«Daa er det i alle Maater best at du sluttar. Og det kann du. Bibelen hev du sjølv; og Meistaran kann du høyre for deg sjølv; men Borni, Stakkar, maa hava sitt etter si Uppskrift; dei andsvarlege hev Andsvare.»

«Ein fær trøyste seg som ein kann. Men eg veit snart ikkje um eg vaagar aa lesa Bergpreika med Borni dessmeir.»

«Aa, naar du drìv paa med Pontoppidan attaat . . . Ja-ja; det er ikkje med meg du skal tala um dette, veit du.»

Eg takka for alt. Og me skildest.

IV.

Verdi sviv og Tidi gjeng; eitt og anna skifter.

For meg hev mykje skift paa dette siste Aars Tid; eg er ikkje Skulemeistar lenger.

Eg lika Skulearbeide; eg skulde gjerne vori Lærar. Men i eit vigtigt Fag var eg sjølv Læregut; og det greidde eg ikkje. Ein kann gjera seg like sæl. Halde seg til det fyriskrivne. Tenkje som so, at for det hev ikkje eg Andsvar; eg er Tenar og maa gjera det eg vert paalagd.

Men eg treivst ikkje med dette. Mindre og mindre treivst eg. Gaa der

og «lære» dei truskyldige Smaaingane slikt som eg ikkje var med paa, det baud meg imot; eg kunde godsnakke for meg som eg vilde. Og daa det so opna seg eit Led, so vidt at eg kunde sleppe ut, so vart det meg med ein Gong klaart, at ut burde eg.

No er eg fri Mann. Og det endaa eg hev vorti Dreng i Staden for «Meistar». Ikkje utan Saknad tenkjer eg paa mange huglege Skulestundir, og paa den friske glade Barneflokken min; men alt i Verdi kann ein ikkje faa; fritt Samvit maa vera det fyrste.

— Det var Paal Hòve som hjelpte meg.

«Tolvgards»-Per hev gjevi upp. Han vart for gamall. No sìt han i Uppsèt hjaa Son sin paa Aase; og Paal hev vorti Lùtbrùkar paa Farsgarden sin.

So kom han til meg og spurde um eg vilde vera Dreng hjaa han. Me skulde laga oss, sa han, so eg stundom-

til kunde faa arbeide med det Upptake eg hev tenkt paa til Gard aat meg; og Løni han baud meg var rimeleg; eg klarar det med den no.

Eg slog til. Og so um eit Par Aar — min eigin Mann! Sitja paa Haatun i mitt eigi Hus; vera heilt heime! Det er noko serskilt, det. Eigi Bu er best, um det er lite; heime er høgast kvar; betre aa sitja under eigi Tak um det er laagt, enn flakke um fraa «Post» til «Post» under Uppsyn og Ettersyn av Overmennar som er andsvarlege for Arbeide mitt!

Ein Herre fær eg aa tena endaa i mange Aar: Banken; det er til Husi eg lyt laane. Men Banken kann ikkje krevja anna av meg enn Mynt; og hans Herredøme kann eg bli kvitt, og skal eg bli kvitt; Bonden vaknar i meg no; og eg kjenner, at arbeide kann eg.

Ho Ingeborg er ikkje mindre modig. Ho hadde vel alltid drøymt so smaatt

um Byen veit eg; gaa paa Bygata med Kaape og Hatt! Men ho veit som eg, at eigi Bu er best, og at ein er tryggast millom sine eigne; og greid Gjente er ho, og staut Gardkjering vert ho; me skal nok koma ut av det med kvarandre, me!

*

Hòve skulde koma til Folke sitt att likevel.

Bygdedrøse lyg ikkje stødt; Gunnar, Odelsmannen, hev hjelpt til med dette. Og Mann paa Hòve vert Einar, Dotterson hans Enok, Son aat Bø-Enkja; han skal taka imot, so snart han vert ferdug med Jordbruksskulen. Til so langt lid styrar Paal Garden; sidan vil han vera Dreng der han fyrr var Mann. Ein vyrdeleg Dreng vert dette; men den gamle Hòve-Mannen vert han no vel heitande, veit eg.

Um Syster si smaaskjemtar Paal; «Storgardskjering er ho; no drøymer ho um, at Sonen skal leggje under seg halve Bygdi!» Drøyme maa ho ha Lov til, meiner eg. Einar ventar han seg visst ikkje lite av. «Der er godt To i Karen; han er av deim som kann skyna den Ting, at det er betre aa drive ein litin Flekk upp enn aa sitja ei stor Vidd ned. Litegrand tùmsut vert han vel paa denne Jordbruksskulen; men det vinn han yvi.» «Tùmsingar skulde vel ikkje Jordbruksskulen lære upp?» undrast eg. «Aa,» segjer Paal, «det er med den som med all Skulen vaar: han er ikkje heimflutt enno.»

Han bur i det gamle Heimehuse sitt no; men han rister paa Hovude stundom og ser seg ikring: «underlegt er det aa gaa her aaleine.» «Men,» lagde han til her ein Dag: «heimkomin Son er eg. Faderen hev eg funni; og i Barndomsheimen stend eg, og

stend fri. Gjev mange var so langt komne!»

I Kvernhusheidi bur gamle Maren no, i Lag med ei Systerdotter, Berit, Skræddaren. Paal skal «drive Plassen aat deim», og Berit skal saume Klæde aat han; «men Maren steller Huse som ho hev gjort; og so greider me oss alle.» —

Sundagsstundine held me fram med her paa Hòve no. Mangt fær eg dessutan Høve til aa tala serskilt med Paal um, i Kvilestundir og um Kveldar. Eg skriv upp det eg vinst med; so hev eg noko aa gjera dei Sundagane daa eg «kviler» au; — det er ingin som held Rekning med Kyrkjegonga mi no lenger.

*

Mild, frisk Vaarmorgon; me skal ut og pløgje.

«Sæle er me Jordarbeidarar,» segjer Paal. «Armt vert alt anna Yrkje mot vaart; me samarbeider med Skaparen; Jordbruk er Gudsteneste.

«Herleg er Morgonstundi framifraa. Frisk og glad gjeng du paa; er berre Arbeidshug og Tiltak. Som ein Adam i Paradis gjeng du; ingin laak Tanke fær Tak i deg. Du er med i det vaknande All-Liv som Fugl og Blom. Og Gud Herren sjølv gjeng skapande gjenom Hagen din; daa veit du at du er heime; daa kjenner du at du er Son; der er Glede og Gjestebòd kvar du kjem; i Tre og Luft spelar det og syng; og som ein Dans gjeng Arbeide, kor tungt det er.

«Og Rudningsmann er du for Liv og Vokstr Dagen lang. Kvart Tak du tek og kvart Fræ du saar, for Bløming og Mogning brøyter du Veg;

men Møde og Motbør lærer deg Tòlmod.

«So kjem den arbeidstrøytte Kvelden med dei tunge Stìg og den bøygde Rygg; daa er Samvìte godt og Kvila kjær; og den Svevnen du nyt er Himilrike. I Otta vaknar du nyfødd og veit knapt av at du sov; og til Arbeide hastar du paa nytt som eit Barn til sin Leik; det er kvar Morgon nytt liksom Guds Miskunn.

«Bonden slit. Men Jordi, Mor hans, gjev 'n alltid ny Kraft; og skaparglad lìver han i eit Arbeid som det alltid gror etter.»

*

«Berre sæle er ikkje me Jordarbeidarar heller,» sagde eg ein Dag. «Sjaa no all denne Stakkarsdomen som gjeng her og bed seg, og som me ikkje

kann hjelpe; ein vert baade arg og leid av aa sjaa paa slikt.»

«Det lyt me finne oss i,» svara Paal. «Og Fanten fær me føde so lengi me èl han.»

«Me èl han so lengi me føder han au,» meinte eg.

«Det er ein Tulle-Ring me er komne inni, ja. Men enno skal me ikkje klaga, Haavard.

«Det gjeng betre enn ventande. Gamall Folkeskikk er seig. Um me aldri so mykje veks upp i den Trui at det er storkarslegt aa inkje gjera, so sìt Fedra Visdom under som eit Samvìt likevel: blodut er Hjarta i den som skal tigge seg Mat; sjølvberga er best farin.

«Men me er i ei Nedgangstid; mykje dreg den galne Vegen. Dyrt vert det aa lìva; og Folk veks upp paa Skular; der mjuknar dei gjerne og veiknar; duger sistpaa lite til aa

slite og slaa seg fram. Men Liv i Mak er for eit Faatal. Og Herrevegen for eit Smaatal. Det gjeng daa som det maa gaa: Fantestigen fær Søkjarar.

«Lettare og lettare vert han aa gaa au. Ikkje beintfram; det er der som elles: Tevling gjer Vegen trong. Men Samfunde fær meir Hjartelag; kann Armingen ikkje klara seg med Tigging so hev han Tukthuse.

«Knip det, so er det berre aa slaa ut ei Rute og stela litegrand; so fær ein Hus og Mat fritt. Og det dess lenger, di meir og di oftare ein stèl; her er Løn for Lovbròt. Heiltupp som Storfolk kann ein stelle seg: um Sùmaren tek ein Ferie, men søkjer til Partemente att naar det lid til Vinters; det er mange som gjer det so. Men vil ein sitja trygg Aare rundt, so er det aa faa paa seg eit noko dugelegt Lovbròt, Knivbruk eller Røving eller sovori. Og best er det aa drepa eit

Menneskje; daa er ein forsyrgd. Alt ein treng fær ein fritt og trygt, Hus og Mat, Klæde og Sko, Tilsyn og Stell, Doktar og Prest; Arbeid til Tidtrøyt fær ein au; det einaste ein lyt vera forutan er Fridomen. Men kva Fridom hev ein Arbeidsmann? Og kva nyttar Fridom for den som svelt? Livemaaten er det fyrste; det er ikkje lengi fyrr ein Stakkar lærer det.»

Eg lo; «det vert nok meir og meir den bakvende Verdi, dette.»

«Visst er det so. Heilt ut er det so; fær Latskap og Lovbròt Løn, so fær Arbeid og Sparsemd Straff; dei ærlege maa bøte for det galne som vert gjort; Arbeidaren maa føde Fanten. Kvart sjølvhjelpt Menneskje maa her vera med; og di meir ein arbeider, di meir lyt ein bøte; Boti heiter Skatt med eit lystigt Ord.

«Hjelpi er, at Guds Lov sìt djupare i oss enn Landslovi. Folk vil vera

Folk i det lengste. Smaatt kann dei hava det, og tungt kann dei slite; men slit gjer dei, so lengi dei vinn; Ære og godt Samvìt er det største, meiner Folke.

«Stundom kann det knurre for Skattane veks; men det trøyster seg med, at gjekk Fanten laus, vart han verre aa dragast med endaa. Og so fær me ein Veg stundom, eller ein Hamn; ikkje alt som gjeng til Skatt vert burtkasta.

«Men Fanten hev sitt aa gjera: han skal lære oss Broderlovi att. Tyngje og elte oss skal han, og vekse oss yvi Hovude meir og meir, so me sistpaa vert nøydde til aa hugse gamall Samfundsskikk.»

*

Um Sùmaren tek Arbeide Mannen sin heilt; det gjev nok baade for Hovud og Hand; og Kvilestundine trengst til sitt Bruk.

No letnar det; Seinhausten er komin. Sùmaren vart noko raa, so det stundom var knakje nok aa faa Høye i Hus; men dess betre gjekk det med Korne og Epli; klaga fær ein daa ikkje.

Paa «Øvre Haatun» hev eg vori no ei Tid og bròti upp ikkje so lite av Vollen; Bror min var med, og stundom Son hans au, so det gjekk baade huglegt og fort. Ein Dag hadde me jamvel Dugnad, og fekk eit godt Stykke ifraa oss. Og til Vaaren skal han Ola Bruset i Veg med Byggjingi; eg kjenner meg snart full Gardmann! —

— Kveldane lengjest no; det vert meir Innearbeid. Og det kann vera huglegt. Naar me sìt ikring Lampa og steller med Smaa-Arbeid av ymist Slag, kjem ofte Gardsfolk inn-um; dei veit at Paal hev Greide paa mangt; og for meg er det ofte som eg var paa ein Jordbruksskule.

Sìt me aaleine, so kann me hava «Jordbrukstimar» daa au — det er ingin laak Skule, denne gamle: Arbeid paa Jordi um Dagen og Samtale um Kvelden um Jordarbeid —; og stundom kjem andre Spursmaal upp; soleis sùme av mine gamle bibelske.

I Gaarkveld fekk eg Paal til aa greide ut um «Namnen sin», Apostelen; «han driv svært paa med Trui, den Mannen,» sa eg.

«Han driv paa med Gjerningar ikkje mindre,» svara Paal; «Gud skal gjeva kvar etter hans Gjerningar,» segjer han Gong paa Gong. Og det han segjer um Trui er rett; Trui skal du hava hjaa deg sjølv for Gud, segjer han; men Tru utan Gjerningar er ingin Ting.»

Eit av dei Paulusordi eg hev havt mest Bry av lagde eg fram: ein Gud er det, og ein Millommann millom Gud og Menneskja: Menneskje Jesus Kristus, som gav seg sjølv til Løysepening for

alle; og for det vart eg, Paulus, sett til Forkynnar og Apostel.

«Her,» sagde eg, «forkynner han den vanlege nytestamentlege Læra, at Gud er ein, og at Jesus, Messias, er Menneskje. Men i sùme Apostelbrev vert Jesus kalla Gud, ja, han vert ein Stad kalla «den sanne Gud», liksom det var Meiningi aa setja han i Staden for Faderen. Kva skal me tenkje um dette?»

«Det er Heidningkristindom,» svara Paal. «Heidning-Gudane var Menneskje, berre med ei framifraa Magt; og Menneskje med framifraa Magt vart Gudar, som Herkules og andre; ja Keisaren i Rom var Gud, um han livde aldri so ugudeleg. I Apostelgjerningar les me um ein Sevs-Prest som vil ofre til Paulus, daa denne hev heilbrigda ein Mann som var lam i Føtane; og Jesus hadde gjort større Ting enn det. Ho voks fram av seg sjølv, den Trui at

Jesus var Gud; heidningkristne Avskrivarar hev reint uviljande ført ho inn i Tekstane, ved Mislesingar eller Mistyningar som dei sjølve ikkje hev gaatt etter. Sùme hev trutt at dei hadde sjølve Paal Apostel med seg her. Han kallar ein Stad Jesus Herren fraa Himilen; og daa maa han vel halde han for Gud, hev dei tenkt.

«Men me held oss til Meistaren. Han er spaklynd og audmjuk av Hjarta; vil ikkje vera kalla god dessmeir; og um Gud segjer han som Moses: høyr, Israel, Herren vaar Gud, Herren er ein! Det er nok so, at Gud er Far hans. Men Gud er vaar Far au. Og Guds Born er me som han; og Brørar kallar han oss, liksom me alle skal vera Brørar.

«Det hev vori Tidir daa Trui paa Jesu Guddom trongst; og dei Tidine er enno. Og treng me den Trui, so kann me hava ho trygt, so sant som

me elskar Næsten; det er berre det, me vert spurde um i Domen.»

«Trieiningslæra maa au falle, naar ein held seg til Testamente.»

«Trieiningslæra er fraa det sette Aarhundrade etter Jesu Tid.»

Eg heldt fram med mitt. «Kva skal ein segja um det at Paulus vil vera sett serskilt til Apostel for Læra um Løysepeningen; den talar daa Jesus sjølv um?»

«Ein Stad hjaa Mattæus og ein Stad hjaa Markus er Løysepeningen nemnd; dei andre veit inkje um han. Og dette er serleg merkelegt hjaa Lukas, som elles hev godt Samanheng med dei tvo fyrste. Men Lukas var Paulus-Svein; han hev visst, at Løysepeningen var Paulus-Evangelium. Me finn Orde i dette Paulusbreve au. Og hjaa Paulus med hans Soningslære høver det; men hjaa Jesus med hans Lære um Faderen fell det reint framandt.»

Eg vart uroleg: «men Soningi er daa ikkje berre Pauluslære?»

«Med Jesu Evangelium er ho i Strid,» svara Paal.

Eg minte um Nattverdordi; «der talar Jesus sjølv um Blode som er til Forlating for Syndine.»

«Det meste av Nattverdordi finn du i fyrste Korintiarbreve,» svara Paal; «der fortèl Paulus at han hev fengi deim, ikkje av Apostlane, men ifraa Herren. Ordi er heilt paulinske; korkje Blode til Syndsforlating eller Blode til den nye Pakti vil klinge i hans Munn som lærde oss den femte Bøn i Fadervaar, og som forsikra, at kvar Bokstav og Tytill av den gamle Pakti skulde staa til dess Gudsrike kom.

«Det me no kallar Kristindom er i det heile Pauluslære, med nokre Tillegg fraa Nikæa-Møte og seinare.

«Paulus tolka Jesu Livsverk paa sin Maate. Dette lét seg gjera; Sogune

um Jesus var ikkje skrivne i hans Tid. Og av Apostlane fortèl han sjølv at han inkje hev lært; det Evangelie eg forkynner, segjer han ein Stad, det lærde eg ikkje av noko Menneskje. Han og dei andre arbeidde kvar paa sin Kant au. Og han kunde gjerne tala um sitt Evangelium, som han fleire Stadir gjer; det var eit anna enn det Jesus forkynte. Men det vart godkjent meir og meir etter som Heidningkyrkja vaks; sùmt av det hev au vunni Inngang hjaa dei jødekristne.

«Soleis Orde um Løysepeningen. Dette Orde hev smaka mange og vorti spreidt og kjent; sùme Stadir hev det vori teki for eit Jesusord. Men hjaa jødekristne hev det forma seg litegrand um. Etter jødisk Meining kunde Løysepeningen turvast for Heidningar og Syndarar, men ikkje for alle, som Paulus skriv; Løysepeningen for alle vart daa til ein Løysepening for mange; i

den Formi kom det inn hjaa Markus og Mattæus. Og hjaa deim er det lagt i Jesu Munn.

«Det kann sjaa rart ut, sovori. Men Soningstanken turvtest. Endaa meir daa enn no.

«Tidfullnaden var komin; ein og annan kunde taka imot Sanningi. Men Mengdi, Verdi, skyna ikkje Jesu Ord.

«Heidningane hev knapt nok fata Eingud-Tanken dessmeir; og Israels Allvelduge hev dei vori rædde. Um Gudane var mange og laag i Strid, so var dei endaa faarlege; men reint spelegt vilde det vera aa vaage seg fram for ein Gud som hadde all Magti aaleine. Det hjelpte ikkje at han kalla seg Far; dei strengaste Herrane gav seg ofte dei venaste Namni. Ovmykje vilde ein Einvaldsgud krevja av baade Ære og Ofringar; det vart best aa halde seg til sine gamle Gudar, hev Heidningar flest tenkt.

«Men meir og meir vende Jødane seg burt fraa Galilæaren; dess meir galdt daa aa faa Heidningane med. Og um dei ikkje kunde koma heilt med, so fekk ein hjelpe deim fram-yvi so godt som det let seg gjera. No var Farisæaren fraa Tarsus ein Mann som kjende Heidningane og visste kva dei trong; han skyna kor langt ein kunde vente aa naa; og Utveg fann han.

«Det er den gamle Israelsgud han forkynner, den strenge og den vreide. Det er ein Herre som Heidningane kann skyna, dette; han bryr seg um si Magt og si Høgd meir enn um oss Menneskje; og etter sin eigin Hùg hev han utvalt nokre av oss til Ære og andre til Vanære, som det stend i Romarbreve. Som ein Krusmakar gjer han sùme til Miskunn-Kjerald og sùme til Vreide-Kjerald; han miskunnar den han vil og forherder den han vil; og ingin kann segja noko for det; hev

kje Krusmakaren Velde yvi Leire sitt? Serleg mot Syndi er Gud ein øydande Eld.

«Men endaa kann me no etter Paulus sleppe aa ofre. Han bryr seg ikkje um Kalv og Sau lenger; han hev fengi eit Offer so storgjævt, at inkje kjem upp imot det. Men so gjeld dette Offere for alle og all Tid au; den som bar det fram var Jesus Kristus. Han, den vigde, den fullkomne, den fyrstefødde, Gudssonen, Herren fraa Himilen, — paa serskild Vis bar han det fram: seg sjølv ofra han for Syndine vaare. Ofra seg ved aa døy, døy som ein Røvar paa ein Kross; dermed er heile vaar Synderekning uppgjord; og dei gamle Smaaofringane trengst ikkje meir. No gjeld det for Syndaren aa eigne Kristi Offer til seg, bera det fram for sine eigne Syndir; og det kann han gjenom Tru; denne vert noko nytt no: Tileigning av Kristusoffere. Og hev Syn-

daren gjenom Trui bori dette Offere fram for Gud, so vert han Guds Barn og fær Gud til Far, um han var den verste Heidning og Syndar. Sidan er det for honom som for Israeliten aa liva etter Guds Lov; daa er han trygg paa Róm i det Gudsrike som snart er ventande.

«Denne Læra gav Heidningane Mod til aa høyre paa Apostlar og Apostelsveinar. Ho hev sidan vori stelt paa, og hev trengt Jesu Evangelium endaa meir til Sides; Offerguden er meir og meir komin i Staden for Faderen. Men eit stort Framstig fraa Heidindomin er denne Læra likevel; og endaa ein stor Ting var naadd: gjenom Pauluskyrkja vart Bibelen berga og dermed Orde aat Meistaren.

«Det store Fleirtale er Halvheidningar enno: treng Løysepeningen og Millommannen. Men desse au vinn Gudsrike, so sant som dei hugsar Bòde um Brorskapen.» —

— No skynar eg at Prestane er so imot Paal. Han held seg til Jesus og dei til Paulus; og dei bannstøyter som Paulus kvar som forkynner eit anna Evangelium enn det dei held for det rette.

Eg vart sjølv rædd, daa Paal strauk Orde um Løysepeningen. Men di meir eg ser etter, di meir vert det so: Evangelie um Soningi læt seg ikkje semja med Evangelie um Faderen.

*

«Kva Apostlane meinte um Tru og Gjerningar,» sagde Paal sidan ein Kveld, «det kann me læra hjaa Jakob, Herrens Bror, ein av dei tri, det fyrste apostoliske Blodvitne; so skriv Jakob i Breve sitt: Tru utan Gjerningar er daud; kva gagnar det um nokon segjer han hev Tru, naar han ikkje hev Gjerningar;

kann Trui frelse honom? Liksom Jesus forkynner han den kongelege Lov etter Skrifti: du skal elske din Næste som deg sjølv.

«Og som ein av dei gamle Profetane feller han Domen yvi dei rike som ikkje brukar sin Rikdom rett. Graate og harme dykk, de rike, segjer han, for den Usæla som skal koma paa dykk! Sjaa; den Løni de hev forhaldi for dei Arbeidarar som hev skori dykkar Aakrar, ho ropar; og Rope fraa Skurdfolke hev komi inn for Herren Sebaots Oyro; men ver tòlmodige, Brørar, segjer Apostelen, Domaren stend for Døri.

«Det er Jesu Dom paa nytt: usæle dei rike! Eld vilde Messias kaste paa Jordi, og ynskte, at Elden alt var uppkveikt. Og naar me ser oss ikring no, so kann me undrast med oss sjølve: tru det ikkje er den Elden som brenn rundt um i Verdi baade her og der?

«Ikkje Fred er her lenger, men Sverd. Magthavaren læt Armingen slite; og av hans Sliting og Svolt bryggjer han seg Rikdomar; men Uro kringsèt han kvar han gjeng; den Uretten han driv forfylgjer han; Blode av Bror hans ropar yvi han fraa Jordi; uglad sìt han i sine Gilde, um Vinen er aldri so god.

«Han er uroleg for baade Eigedom og Liv; dei magtlause slær Lag og fører Krig mot Magthavaren. Lite vil dei magtlause vinne, um dei sjølve gjer Mammon til Gud; men som Straffe-Englar er dei utsende mot deim som feitar seg med Urett.

«Sæle dei, som lìver av sitt Arbeid og nøgjer seg med det dei treng. Fred hev den smaanøgde og den hjelpsame; men Gull vunni med Urett er Helvites Eld.»

*

«Korleis skal me tyde dei gaatefulle Ordi som Johannes-Evangelie vert opna med?» spurde eg.

Paal svara: «det er uklaare Ord; og dei *vil* vera uklaare.

«Johannesboki vende seg til dei vise i si Tid. Og i Fyrstningi er ho filosofisk og vil setja Evangelie i Samanheng med Gnosis-Læra.

«Grunnvære er Gud; ved Orde, som sjølv er Gud, Guds Kraft, skapar han Verdi.

«I den skapande Gudskrafti var Liv; Tanke; og dette Gudsliv var Ljose aat Menneskjom: dei fekk sjølve Tenkjekraft; men Menneski livde i Myrkre og tok ikkje imot Ljose; fata ikkje Guds-Tanken. Denne tok daa Mannsskapnad i Jesus; Orde, Gudskrafti, vart Kjøt og budde millom oss. Men Verdi kjende ikkje att det Orde ho hadde vorti til ved; hans eigne tok ikkje imot honom, so nær som nokre faae: dei som trudde paa hans Namn.

«Han som hev skrivi dette vil vise, at Lærdom tarv ikkje heller stengje oss ute fraa Gudsrike.

«For Kyrkja hev Johannesboki vori faarleg. I Staden for Meistaren set ho Anden til aa upplyse og lære oss; men kva ho meiner med Anden er ikkje tydeleg nok sagt; og Andar av ymist Slag hev daa nytta dette Orde ut gjenom Tidine.

«Me umyndige held oss til Meistaren i dei fyrste Sogom, til dess me kjem so langt at me kann kjenne han att i den siste; og vinn me ikkje so langt, so hev me nok i det me i dei fyrste finn: Fagnadbòde um Faderen.

*

Tekst: Maatte ikkje Kristus lide dette, og so gange inn til sin Herlegdom?

— — Tunge hev dei vori for Jesu Sveinar, dei Dagane det her er fortalt

um. All deira Von var burte; Israels Frelsar laag krossfest i ei Grav.

At Messias skulde døy, og det som ein Brotsman, det var mot Skriftine og mot all Von; og noko Snakk av nokre Kvende, at han skulde vera uppstadin, trudde dei ikkje; modlause og raadlause gjekk dei der; ikkje minst desse tvo paa Vegen til Emmaus.

So kjem ein ukjend og spyrr, kvi dei er sorgfulle. Dei svarar: Jesus fraa Nasaret, ein Profet veldig i Ord og Gjerning, han som me venta skulde utløyse Israel, honom hev Øvsteprestar og Raadsherrar krossfest; og no veit me ikkje meir.

Den ukjende er Jesus sjølv; han er med paa Messias-Tanken. Men det maa de daa skyna, segjer han, at Messias maatte lide? Det verste maatte han lide; viljugt og som eit lydigt Barn maatte han lide det; daa fyrst var han so til det siste og ytste røynd, at Fa-

deren kunde gjeva han den høgste Magt; daa kunde Profeten fraa Nasaret faa Messias-Kruna.

Dette er den apostoliske Tanken um Langfredagshende. Som Petrus segjer i Apostelgjerningar: Jesus vart yvigjevin til Dauden etter Guds fyrisette Raadgjerd; daa han hadde stadi den Prøva, uppreiste Gud han og gjorde han til Herre og Messias. Og hev sett han til Domar yvi livande og daude. Eller som Paulus skriv: han var lydig til Dauden, ja til Krossdauden; difor upphøgde Gud honom høgt og gav honom det Namne som er yvi kvart Namn; og for det Namn skal alle bøygje seg.

Guds fyrste og øvste Tenar vart Jesus ved det at han var heilt ut lydig; si Lære underskreiv han med sitt Liv.

*

Tekst: De skal høyre Hèrstrid og Tidendir um Hèrstrid; men Enden er ikkje endaa.

— — Hèrstrid høyrer me nok um; villare og villare rasar Krigen, di meir Kultur me fær; og endaa skulde Kultur vera det same som Folkeskikk.

Med Vald raader det vonde i Verdi. Den eine Broren liver av den andre: Domaren av Tjuven og Tjuven av Rikingen og Rikingen av Slitaren; men Slitaren svelt; og berre Kniven held Kniv i Slire.

Væpne seg er einaste Raadi mot Krig. Men det er ei utrygg Raad; so lengi væpnar me, til sjølve Vaapni driv oss i Krig; driv oss inn i den Villa der Brørar lagar Brørar til Hakkemat.

Verre enn alle Villdyr er Menneskje; Vargflokken sjølv held seg-imillom Fred. Men Mann drep Mann og Folk

tyner Folk og Rike øyder Rike; Blod fløymer gjenom Tidine; og di meir me preikar um Kristindom, di større vert Flaumen.

Men Enden er ikke enno. Gudsrike kjem; men fyrst maa Djevelen og Dyre og den falske Profeten hava si Tid, og alt det andre vonde som er spaatt um.

— «Det vert tala um ein ny Himil og ei ny Jord,» sagde eg. «Men var det ikkje vaar eigi Jord me skulde sjaa aa faa Skikk paa?»

«Det er den me skal faa Skikk paa,» svara Paal. «Det vonde skal brenne, bli øydt; og naar det er burte, so vil ho vera ny, denne same gamle Verdi.»

«Himil og Jord skal forgangast, stend det.»

«Himilen er i desse Spaadomane Bilæte paa dei Vondemagtir som sèt seg i Guds Stad; og Jordi er Rike aat

desse Magtine; baade dei og Rike deira skal brenne.»

«Men Domen?»

«Domen er sjølve dette at det vonde øydest og det gode vinn. Og Dom skal me halde kvar for seg: gjeva det gode Magt i vaart Liv og kaste det vonde i Eldsjøen. For kvar ein som soleis lærer aa halde Dom yvi seg sjølv, vinn Gudsrike eit Stig fram-yvi.»

*

Tekst: Menneskjesonen skal koma i sin Faders Herlegdom, og skal løne kvar etter hans Gjerningar.

— — Myrkt var det for Israel i Jesu Dagar. Gamalt godt laag ned traakka under Heidninghæl og nedtyngd under Mammonsvald, og vondt nytt skaut upp og breidde seg kvar ein saag; Folke gjekk framandt i sitt eigi Land;

og Armod og Sjukdom og Hugløyse vaks; berre eitt hadde det sanne Israel aa trøyste seg med: Voni um Gudsrike.

Gudsrike var den nye Heimsalderen, daa Herrevald skulde falle og Guds Lov faa Magt. Og no tok Vonir til aa vakne hjaa mange; han som skulde føre Messiasstriden og reise Gudsrike, han lìvde si Prøvings og Fyriarbeids Tid millom Folke alt. Tanken um dei Ting som skal hende, naar hans store Dag renn, er daa ofte framme i Jesus-Sogom.

Lengi etter rann det og ein Dag som kalla seg hans Dag; den kristne Tidi er etter Namne Messiastidi. Men det var ikkje Messias som kom; det var Mot-Messias. Folki fekk det verre enn fyrr; og Jesu Sveinar vart brende. Daa slokna alle gamle Messiasvonir. Verdi var dømd og i Djevelens Vald; Gud, Sanning, Rett fekk aldri Magt der; men det vakna ei ny Von: den Verdi som brende Guds Born skulde sjølv brenne.

Og eit nytt Tilvære skulde koma upp; vondt og godt skulde skiljast aat; høgt upp-i Guds blaae Himil skulde dei gode liva sitt ævelege Liv, og djupt nede i svarte Helvite skulde dei vonde æveleg døy; endelaust skulde dei brenne i eit endelaust heitare Baal enn det dei sjølve hadde kveikt aat Guds Born.

Paa denne Draumen liver Folki enno. Og alle Ord i Skriftine um Domen vert tydde etter den.

Men hugse skal me, at alle dei Ordi som no vert tydde um Domedag, dei handlar um Messias-Striden og um det komande Gudsrike.

Naar Messias hev vunni paa Djevlemagtine, so kjem etter Spaadomane det nye Jerusalem ned fraa Himilen, og Guds Tjeld vert uppsett hjaa Menneskjom; Guds Vilje vert Lov paa Jordi; Rett og Brorskap vinn. Daa er dei gamle Ting burtfarne. Sorg og Skrik og Pine skal ikkje meir vera til; sjølve Dauden skal

ikkje vera til meir, — korleis me elles skal forstaa det Orde.

Alt no er me i Gudsrike og fær Løn, eller i Djevlerike og fær Straff; sidan kjem me til Paradis eller i Refsings- eller Skirsle-Elden. Naar Gudsrike er komi, gjeng dei gode der inn. Alle vinn fram som vil fram; og den Sæla dei vinn vert likna med Glede og Gjestebòd. Men dei som ikkje bøygjer seg for Guds Lov, dei fær ei Straff som vert likna med Myrkr, Daude, Eld; det er ei Straff som sløkkjer Liv og Livs Vonir. Og naar soleis det vonde er yvivunni og utreinska, gjev Messias Rike fraa seg, etter Pauli Ord, og Gud vert alt i alle; hans Rike er komi, og det Rike skal staa.

— «Det vert stundom tala um æveleg Pinsle,» sagde eg; «kva skal me tenkje um den?»

Paal svara: «Æve-Pinsla, Æve-Elden er det same som den andre Dauden.

«Æve-Elden,» heldt han fram, «vert kalla usløkkjande; Bilæte er teki fraa den Reinskingselden som brann i Gehenna eller Hinnomsdalen utanfor Jerusalem. Det var ein sterk Eld, som brann med Svaavel; han skulde gjera Ende paa det By-Avfalle som elles hadde vorti liggjande og rotne; og der var mykje Avfall fraa ein so vidt stor By. Gehenna-Elden brann Dag og Natt; brann æveleg; men det som vart kasta i Elden brann upp; soleis skal det gaa med Avfalle fraa Jordi; det skal bli uppbrent, utreinska.

«Me veit ikkje meir um desse Ting. Men det er nok. For det er ikkje Rædsla for Straff som skal drive oss til det gode; daa vart me Trælar og ikkje Born; Kjærleiken, Hugen til det gode, skal drive oss. Og Meistaren visste det mange helst vil gløyme: at Hug til det gode hev me.

«Visst er det, at Gud er Faderen.

Han er ikkje noko Troll som hev Hugnad av aa pine oss; steller me os gali so straffar me oss sjølve; Pinsla fylgjer alltid laakt Verk. Det er dette Meistaren vil minne oss um, naar han talar um den Livsspilla og Uhugnaden som fylgjer det vonde; og me skal høyre paa det han segjer, og taka Rædsle av det, men Rædsle for det vonde og ikkje for Faderen.»

*

Tekst: Den som gjev ein av desse minste ein Drykk Vatn skal ikkje sakne si Løn.

— — Gjer du ein Stakkar den minste Hjelp, so er du meir til Mann enn um du held ei ven Preike for han og læt han gange med den. Ja Syndaren som gjer vel er betre Gudsbarn enn den retferdige som dømer.

Paa Domedag vert me ikkje høyrde i Pontoppidan. Vaare Gjerningar skal døme oss som dei kvar Dag dømer oss; dei viser kva me er. Armingen vert dømd etter som han bèr si Armod og Rikingen etter som han vinn og nyttar sin Rikdom; og Domen er rettvis; inst inne i vaart eigi Samvìt sìt Domaren, Menneskjesonen; me høyrer hans Røyst kvar Dag.

Til vanlegt endar Rikingen i Pinsla; han vert leid baade seg og Tilvære sitt. Millionherrar som flakkar Verdi kring og faafengt freistar aa døyve sine leide Minne, dei kann vitne um det; like eins Storsnytarar som plaastrar sitt sjuke Samvìt med Gaavur til Kyrkjur og Fatighus og mykje og mangt. Men ærleg tent og vel nytta Rikdom er ei Gudsgaave; sjølve Fader Abraham var rik. Og for syndig Rikdom er der Tilgjeving, naar Syndaren bøter. Tollaren Sakkæus rette upp att det galne

han hadde gjort og gav Helvti av sitt Gods til dei fatige; sidan fekk han Meistaren sjølv til Gjest. Mykje vert den tilgjevi som elskar mykje.

I vaare Heimar og Tidir er mange fatige endaa dei gjerne vil arbeide; deim hjelper ein som ein skal, naar ein steller det so at dei sjølve kann hjelpe seg. Læt du deim faa Arbeid og løner deim rimeleg, so skal du ikkje sakne di Løn; endaa betre Verk gjer du, um du læt Fatigmann faa Jord, so han klarar seg sjølv; rette Maaten her er den som du, Gudleik, brùka, daa du skifte Gaarden din med ein fatig Bror, so han no greider seg godt, men kjenner seg Kaupar og ikkje Olmòsumann.

Men dei minste, Born og uføre og sjuke og gamle, deim gjev me det dei treng, og gjev det med Hugnad; me veit for visst, at naar me hjelper deim, so hjelper me Menneskjesonen.

*

«Denne Djevelen,» sagde eg, «Beelsebub og Satan og kva han heiter alt, kva skal me tru um honom?

«Djevelen maa me tru paa,» svara Paal; «han er visst livande nok.

«Men no gjer dei Djevelen til Gud; og det er aa gjera for mykje Ære paa han. Ikkje for det; ein kann alltid forstaa det; det vonde er ei Stormagt som synest vinne paa Gud sjølv stundom. Eg hugsar han Gunnar, Bror min; so lengi hadde han sét paa denne Verdi som rivst og bit og bløder og brenn, at sistpaa tenkte han: dette er Helvìte; den vonde hev Magti; Faderen er berre eit Barne-Eventyr.

«So gjeng det mange. Det finst endaa dei som driv Djevledyrking, paa Lag som Trollkarar og Trollkjeringar fyrr. Naar det vonde hev Magti, so er den vonde Gud; og so fær me dyrke den vonde, tenkjer slikt Folk.

Men Gud er den vonde ikkje. Han

er helst ein Stakkar, paa Vis som Eventyrfanden; ein Tosk er han i Grunnen au. Men han er seig og sløg; og daa me sjølve er endaa taapnare enn han, so narrar han oss rett som det er.

«Sterk er han au paa ei Vis. Men han hev si Magt i oss. I meg, i deg, i kvar for seg hev han Rike sitt; der er det han raader og styrer. So ofte som han berre slepp til.

«Det vonde i oss sjølve er han, det jordbundne, trollvridne i oss, Ormebøle og Ulvestogo, Sjølvhug og Kaldhug og Hemnsjuke og Hat, alt det me maa slaast med og vinne yvi kvar Dag og endaa aldri er trygge fyri, — det er Djevelen.

«Var denne Utangen noko for seg sjølv, so hadde Faderen havt Raad med han for lengi sidan. Men i oss hev me han; noko av oss sjølve er han; det er det som er so vrangt. Kvar lyt daa fikte med 'n sjølv so godt han kann; onnor Raad er her ikkje.

«Kva Djevelen er? Det er ikkje snart sagt. Me hev mykje i oss av Dyr; naar det vert herdt og kvesst i Mannavìt, so vert det Djevelskap, og den som arg kann vera; daa er Fanden laus. Me skjemmest av slikt; Menneskje i oss vil ifraa det, og likar aa hava Hin-Mannen aa skulde paa; men Dyre og Trolle i oss heng meir fast ved det vonde enn me vil vera ved; og lett kann me bli baade Dyr og Troll, um me gjev etter.

«Men helst vil me vera Folk; og so fær me denne lange og seige og ofte vrange Striden med Djevelen. Best er det etter mi Røynsle aa ikkje høyre paa han, ikkje bry seg um han, berre drvie paa med det som rett er; men elles stend den gamle Sanningi fast, at Gudsord likar han ikkje. Og di oftare me vinn paa han, di meir veiknar han; dess meir veks og Menneskje i oss, Gudsbarne; og sidan eller fyrr kjem den Dagen daa Djevelen er bundin.

«Men jamvel daa gjeld det aa vera paa Vakt. Sovnar ein, so kann den Reven snart smette ut av sine Band; og ein fær daa gjerne eit langt Bask, fyrr ein er trygg att.»

«Jesus sjølv talar um Djevelen,» sagde eg.

Paal svara: «det same gjer me; Folk skynar betre livande Liv enn daude Tankar. Det gjeld at me ikkje driv det for vidt; i ein Heim so storbygd og streng som dette Lande vaart vert Hugsyne lett for sterkt; Draumsjuke hev me havt nok av.»

«Jesus dreiv ut Djevlar,» heldt eg fram.

«Han gjorde det som dei den Gongen kalla so,» smilte Paal; «og det gjorde han rett i.»

Snart var me inne paa Undergjerningar; Paal trur paa deim. «Men,» sagde han til Slutt, «i gamle Dagar trudde Folk meir paa slikt enn me kann;

og det laga seg Sogur um Meistaren som me ser er Folkedikt. Men no, daa me tek alle andre Truir fraa Folke, so kann me lata det faa hava denne; ho er korkje kristeleg eller ukristeleg, men det er av den Mjølki som høyrer Barnealderen til.»

*

«Eg spyrr stundom Paal, um han ikkje vil ut paa Forkynning att; Folk kunde hava godt av aa høyre Evangelie,» meiner eg.

«Dei hev Moses og Evangelistane,» svarar Paal; «deim skal dei høyre. Og vil nokon vita mi Mening um noko, so veit han kvar eg bur.»

«Men du kunde fortelja Ungdomen at me skal arbeide.»

«Med Neven preikar ein Arbeid best; med Preiking èl ein berre nye Preikarar.»

Eg tagnar. Dette hev han nok Rett i.

*

«Det er visst mange som er leide av Live i denne Tid,» kom eg til aa segja.

«Det høyrest so,» svara han.

«Men vera leid av Live er Sjælearmod. Fortògs-slitarar og Krakkesitjarar kann finne Verdi keidsam; men meir enn nok er her aa gjera og lære all Tid.

«Underlegt er det og aa høyre paa deim som finn Live meiningslaust. For der er alltid Meining i aa hjelpe der Hjelp trengst; og Hjelp trengst all Tid og all Stad.

«Liva rett, det er aa vera ein god og tru Tenar. Og ein Tenar spyrr ikkje etter Meining; han hev Arbeid, og det gjev Meining; meir enn nok av slikt Arbeid hev han kvar Dag og kvar Stund.

«Dei som vert kalla Herrar er store, naar dei er Tenarar; sjølve Kongen er stor naar han tenar Folke sitt; det kann han ikkje ofte no, Stakkar.

«Den høgste paa Jordi er ho Mor; han Far hev fullgod Meining i sitt Liv berre han tenar henne; men Live for denne høgste paa Jord er aa tena dei minste: Borni.

«Me som ikkje er Fedrar og Mødrar skal vera Fedrar og Mødrar til Hjelp; me skal vera Tenars Tenarar; er me det, so er me mykje meir til Folk enn vanlege Pavar.

«Men var det ein som ikkje kunde hjelpe eller tena, — han fann ikkje Meining i sitt Liv, um han so rota seg igjenom alle Filosofiar.»

*

«Aa, denne Soli!» ropa Paal ein Morgon; «for ei Livskaparmagt; for eit Guddomsvelde! Ingin skal undrast paa, at alle Folk hev havt ei Soldyrkar-tid!

«Og endaa er Soli inkje anna i seg sjølv enn eit lògande Helvìte.»

«Og naar det Helvìte sloknar maa alt Liv døy; er det kje bakvendt?»

«Naar Soli sloknar vert Solheimen Is, ja. Isklotar i ei gravsvart Natt.

«Men ein Gong støyter Isklotane ihop; daa vert dei til Eim; Isen med; gjenom endelause Tidir skìpar Eimen seg um til ein Solheim paa nytt; daa tek ein ny Dag av Æva til. — Er det kje so dei no trur?»

«Noko maa ein tru, naar ein inkje veit.»

«Store Draumar er au noko, Haavard. Den gamle Tanken vaknar um Heimsringen, Tilvære-ringen: alt hev Dag, Kveld, Natt, Morgon; Dag, Natt, Kveld, Morgon kjem att og kjem att, paa nytt og paa nytt, sviv rundt og sviv rundt, i æveleg Ring; der er inkje Upphav eller Ende. Alltid ny stig Dag av Natt som kvarv; alltid ny døyver Natt den slok-

nande Dag; alltid ny stig Solheim av Ævords Skodd; alltid ny vinn Ævords Skodd paa Heim og paa Sol; æveleg rundt og i æveleg Skifting alltid seg sjølv sviv den gaatefulle Ringen.

«Kor som er: me trur det finst noko som vinn ut-yvi Ringen, upp i eit Tilvære av eit anna Slag: det Live som naadde det høgste, Aandi. Daa fær me Von um ei Meining i Tilvære; noko vinn seg fram som held seg, og som hev noko det vil: hev eit Liv aa verja, eit Rike aa vinne, ei Framtid med Framgang og ikkje berre det same og det same upp att . . .

«Det me veit er, at som det er laga, so er det. Me kjenner den Verdi me hev og nyttar det Live me fekk; naar me nyttar det rett, fær det Meining for seg; for Resten syter Grunnherren, Faderen.»

V

Det lid til Vaars att. Og mi Tenartid er til Endes.

Snart skal eg vera Mann paa min eigin Gard. Det er ferdugt, aa kalle, det vesle Heimehuse vaart — me fær byggje det større sidan, um det trengst —; og til Hausten held eg og Ingeborg Bryllaup.

Det kann vera paa Tidi au at eg tek til med «mitt eigi Liv»; eg hev snart naatt «Sveinkall-Aari». Den vesle Garden min skal eg nok faa i Gang; og eg tenkjer me skal trivast baade ho Ingeborg og eg og dei som etter oss kjem paa Øvre Haatun.

Skulegonga mi lyt au vera til Endes no; eg hev lært Grunnane og kjenner at eg skal klara meg. Det er Trui hans Farfar eg hev funni att, naar eg rett skal sjaa meg til: me skal vera gode med kvarandre, so vil Gud vera god med oss. Og no veit eg, at i dei barnslege Ordi ligg heile Kristindomen. For det er Born me skal vera. Ikkje gruvle; taka kvar Morgon paa med Livsens Leik og vera med i den; og gjera kvar sitt til at Leiken kann bli god; daa vert Dagane heller for stutte enn for lange.

Og Innhald vert der i den aalvorsame Leik.

*

Paa Hòve er alt i Stand no. Det unge Folke er innflutt; og dei ser greide ut baade Mannen og Kona. Einar er ein stillfarande stød Kar som veit kva

han vil; og ho Ragnhild, Kona, eit staut og vent Kvende fraa Holmeland i Nes-Sokni, er ei ferm ung Gardkjering; dei klarar seg nok, dei tvo.

Eit lite Heimkome-Lag heldt dei igaar; der var «me Drengjene» au med, eg so vel som Husbonden hev vori. Og eit gildt Lag var det. Høgsæt-Gjesten var Enkja fraa Bø, Syster aat den gamle og Mor til den nye Hòve-Mannen. Det er ei vyrdsleg Kòne, langt upp i Aari men godt ved Magt; Baard, Son sin, hadde ho med seg. Og so var Jens Eide, Lensmannen, med; dertil Grannane paa Garden.

Daa me hadde gjort oss kjende med kvarandre og var komne til Bords, gleid Samrøda inn paa dei gamle Minni fraa Hòve. Han Trond der nord kunde fortelja ymist etter Farfar sin um han Gamle-Gunnar, og endaa lenger upp, og um Bygde Tilstand i dei Tidir; det eg serleg lagde Merke til var, at dei

gamle hadde vori so lite glade i 1814; «fyrr hadde me vaare eigne Kongar,» sa dei, «men daa kom me under Sverig.» Og ikkje minst høyrde me Ungfolke etter, daa Paal og Syster hans kom inn-paa si Barndoms og Ungdoms Tid. Ymist som fyrr hev vori Skodde for meg vart uppklaara no; Sogo hans Enok Hòve høyrer ikkje til deim som Folke kann fortelja.

Serskilt glade Barndomsdagar hev Borni hans Enok ikkje havt. «Men Barndomen minnest ein gjerne, korleis han er,» sagde Enkja; «det er so vel stelt, at Borni liver sitt Liv; og kann liva det mest for seg sjølve, naar so maa vera; det tunge og myrke fær ikkje Tak paa oss i dei Aari.» «Og i Ungdomen vert det so mykje anna aa tenkje paa,» lagde Jens til; «etterkvart legg daa Minne seg svalande og sonande yvi jamvel dei djupaste Saari.» «Barn og Ungdom veit,» sagde Paal,

«at etter Strid kjem Kvile og etter vondt godt; jamvel det tyngste bèr me i dei Aari lett; me veit at Gud er Faderen.»

Mest fortalde Enkja um Mor deira, ho Anna Hòve. Endaa det skulde ikkje vera mykje aa fortelja etter henne; stilt lìvde ho og gløymd er ho. Men det hev vori ei av dei gode gamle, dette, ei av deim som kunde bera tunge Dagar med rolegt Mod; no for Tidi plar me skrike upp for mindre enn det ho hadde aa staa i. Um Far sin hev Paal fyrr fortalt meg eitt og anna som viser, at det ikkje hev vori berre Sjukdom som braut den Mannen ned; det same fekk han no fram endaa klaarare. «Men,» lagde han til, «naar Fagnadbòde hev vorti eit Rædslebòd som skræmer Folk ut i Ørske og Daude, so er me vel komne so langt burt fraa Jesus som komande er.»

Sidan fortalde Paal fraa si eigi

Gardmanns-Tid. Og han nemnde Grunnen til at han laut selja. «Eg trudde eg aatte Jordi, og so vart det meir og meir Jordi som aatte meg; det vart daa berre ei Raad. Hadde eg set det eg no ser: at Jord-Eiging er Tull, so at i Røyndi var eg ikkje Jordeigar, men berre Jordbrukar for Ætti mi, so hadde eg greidt meg, trur eg. Den Jordi eg hadde for mykje kunde eg selt; men Ætteheimen skulde eg haldi uppe; daa hadde eg visst au vori frelst fraa mitt eigi Livs Ulykke . . . ja eg maa minnast Helga i Kveld. Men eg fekk ikkje Tak paa dette i den Tidi; og det verste av alt vondt hende. No fær eg vera glad at det som læt seg rette rettar seg. Og Einar er sterkare enn eg. Han trur ikkje Jordi skal faa for mykje Magt med honom.»

«Det er andre Tidir no, Morbror,» sagde Einar. «Ein sìt ikkje paa si Tuve trygg som dei gjorde fyrr; det

spyrst berre um ein kann klara seg so vidt at ein heng; og daa gror ein ikkje fast til Jordi paa den Maaten som De meiner.» «Altfor lett losnar Folk ifraa Jordi no,» svara Paal; «og det er likso gali.» «Det er nok helst verre,» sagde Lensmannen.

Minne um Gunnar kom upp; «det er vondt,» sagde Paal, «at han ikkje skulde faa vera med i Kveld. Men sitt Odelsmanns Verk fekk han gjort; det er honom me mest kann takke for, at Ætti fær att Heimen sin. Og det takkar ikkje minst eg han fyri; di eldre me vert, di meir skynar me kva Heim er; heimlaus Mann er rotlaus. Det hadde han Gunnar au lært.»

Um Live paa Garden i seinare Tidir fortalde Grannane mest; og Enkja og dei unge hadde mangt aa spyrja um. Bygde Høve og Tilstand vilde ikkje minst Ragnhild hava Greide paa. Ho hadde høyrt ymist um dei vakte her

sør-etter; var det ikkje so, at Folke i desse Bygdelag tok Verdi svært tungt? Lensmannen og Paal lempa og forklaara det beste dei kunde. Men at slike «gudsjuke» Tidir fører mykje uhugsamt med seg, det læt seg ikkje neite; og det vedgjekk dei. Han Trond, den eine av Grannane, og serskilt Kona hans, er elles vakte, so det galdt aa vega Ordi vel; og det gjorde dei. Paal trøysta Ragnhild med, at Folk tok til aa høyre meir paa Meistaren sjølv no. «Og det ljosnar, der han fær Magti; for han lærer oss, at me skal ikkje døme.»

«Det er ventande,» sagde Jens, «at i laake Tidir tek Folk det tungt; men Tidine letnar, trur eg. Og daa veks Arbeidshugen; og den driv mange Sutir burt.» «Velstand er ei god Raad mot alt vondt,» sagde Baard; han drog paa Smilen.

Daa tok Trond og Kona hans til aa murre so smaatt. Men Jens lempa

Røda inn paa meir verdslege Ting, og det hjelpte.

«Det tek til so smaatt aa besne med Tidine att,» sagde han; «det verste no er snart-sagt denne Naudi paa Arbeidsfolk. Men det vert ei Raad med det au, maa ein tru. Inn-paa By-Stykki tek dei meir og meir til med Jordbruksmaskinar no; og det gjeng so godt, at Folk kjem til aa taka etter. Dei vert so billege og lettvinne, desse Maskinane, at snart kven som helst kann faa deim og brùka deim; og dei smaae Gardane kann slaa seg i Lag um deim, so vert dei au hjelpte. Og lærer dertil det som me norske mest treng um aa lære: Samhald og Samarbeid. Eg lika ikkje desse Maskinane fyrr; men no trur eg me kann vente oss mykje Hjelp av deim.»

«Som det no er stelt,» sagde Paal, «dreg Maskinbruke inn-paa den Vegen som ein Gong maa føre til Herregardar

og Arbeidstrældom; og det er ikkje godt. Men alt hev si Tid; og me fær tru at me slepp fraa det paa ei Vis.» Baard og Einar meinte at det fekk bera kva Veg det kunde; Maskinar laut ein hava naar her ikkje var Folk. Dette vart me samstelte um; «det som maa til, det maa til».

Fraa Bygdevilkaar bar det inn-paa Lands-Tilstand; sterke Ord fall her. «Det er denne endelause Politiken som legg allting øyde,» sa Einar; «skulde det ikkje snart kunna bli ein Ende paa den?» «Me fær tru det,» svara Lensmannen; «men det er visst ikkje verdt aa vente paa det; Arbeide lyt berre vera det fyrste.» «Ja kunde ein faa Folk til aa skyna det!»

«Me fær slaa Politiken fraa oss alle som kann,» meinte Baard. «Det vil nok turvast. For med Skam aa segja so er Sanningi den, at me hev ikkje noko Jordbruk enno. Me hev livt av

Sjøen og Skogen og Fjellbeiti; det meste av Jordi ligg der. Berre Tiandeparten av vaare tjuge Millionar Maal er skikkeleg i Bruk; dei aatte Tiandepartane ligg reint udyrka. Jordi læt me liggje og gro yvi med Myrgras og Lyng; men 20—30 000 av vaare beste Arbeidsfolk sender me kvart Aar til Amerika; og kor mange det er som rømer til Byane maa Vaarherre vìta. Og ei veksande Mengd av Folke hev Fatighjelp. Skuldi vaar nemner me ikkje, helst; Riksskuld og Heradsskuld og Gardsskuld kappveks. Ein og annan Pengemann paa den eine Sida og ein veksande Hèr av Fant paa den andre, det er det me kallar Framgang; kva Veg det skal bera er ikkje godt aa sjaa.»

«Stend det so smaatt til,» spurde fleire av oss.

«So smaatt stend det til,» svara Baard. «Men anna enn Politik vert det ikkje;

Folk gjeng og drøser um Svensken, og les Blad, og held Folkemøte og Ungdomsmøte og syng Ja vi elsker; men nemner nokon Jord og Arbeid og Velstand som maa vera Grunnen under alt, so slær Folk seg til Ro med Drøyming um Statshjelp.»

«Me fær vera glade me hev Amerika,» sagde han Svein der aust. «Her vert det kje anna enn Fant kor mykje me slit; men der greider dei fleste seg, og det reint godt. Eg hev alt tvo av mine der burte, eg for min Part; og eg skulde ynskje me var i Amerika heile Huse; det er mykje betre Jord aa faa der enn her paa rimelege Vilkaar. Og frie er Folk der burte; hev korkje Embættsherrar eller Svenskar aa dragast med; og ikkje tarv dei gaa si beste Tid burt med Eksis heller. So me fær nok takke til at me hev Amerika, me Smaafolk daa.»

Han Trond nikka. «No talar Folke,» smilte Lensmannen.

«Ja so talar Folke,» sagde Baard; «og kven kann undrast paa det?»

«Du hev Rett, Svein,» tok Paal fram-i; «naar Vegane stengjest heime, so trengst det Veg ut. Men det er ille for oss, at so mange søkjer burt; og Skam er det at me dyrkar upp Amerika men læt vaare eigne Myrar liggje. Du kann aldri segja for sterke Ord um det, Baard.

«Me fær tru,» heldt han fram, «at det er eit Millombrøyte. Ei Skuletid som skal lære oss Broderlovi att, so Lande paa nytt kann bli Heim for Folke.

«Mot Utvandring arbeider me paa beste Maaten naar me skaffar Smaafolk Jord. Og det paa Vilkaar so dei kann klara seg med Jordi. Staten kann ikkje det; vil den kaupe Jord, so flyg Prisane upp; men ein Jordeigar kann, naar

han hev meir Jord enn han heilt-ut kann nytte.»

«Det er vel faae som tykkjest hava meir Jord enn dei treng sjølve,» sagde Einar.

«Den som ikkje hev meir Jord enn han treng er angerlaus,» svara Paal. «Men mange hev Viddir liggjande halvnytta som godt kunde føde sin Mann: so var det med meg i mi Gardmanns-Tid; Kvernhusheidi laag der. Og di betre Jordbrukarar me vert, di mindre Vidd treng me; Jordi er rik. Mykje rikare enn me veit er Jordi. Og Guds Hjartelag er i ho; ho vil gjeva av sin Rikdom; di betre me steller ho, di meir gjev ho; utrulegt gjev ho naar ein steller ho rett. Det veit dei forfarne, og lærer det meir og meir; reine Eventyr kann ein lesa um den Ting fraa Land der Folk hev drìvi Jordbruk lengi. Me er nye i dette Arbeide, me; men no kjem me vel etter. Me hev

fengi Skular som studerar Jordi liksom Lærdomsskulen granskar Skriftine; og um Jordbruksskulane enno hev best Greide paa Jordi i andre Land, so fær dei Greide paa vaar au etterkvart; og paa vaare Arbeidsvilkaar. Og kjenne Jordi maa ein, skal ein stelle ho rett. Det er med den som med anna Livende: vil ein pine og tvinge noko ut av ho, fær ein inginting; men under kjærlege og kunnige Hendar trivst ho og gjev meir og meir; av den minste Flekk kann ein faa utrulege Avlingar. So at um ho er gjevi til alle, so hev ho au nok til alle; og til fleire og fleire di betre ho vert stelt.»

Baard smilte: «De ser fram-yvi, De Morbror. Men Vilkaari er som dei er. Enno hev me ikkje lært mykje; og minst veit me um vaare eigne Vilkaar, som De sagde; ein maa hava rett stor Vidd her enno, skal ein klara seg. Og aa faa Jordi i Magt, det kostar; baade

Arbeid og Tid og Skillingar kostar det. Men det som aukar fort, det er Kravi; Krav, Prisar, Utgiftir. Pengar, Pengar, Pengar maa til; Rentur og Skattar og Skattar og Rentur maa ein tenkje paa jamt; det lyt heller gaa som det kann med det Live ein sjølv skulde liva.» «Det er Tevling og Kappsprang i Jordbruk som i Verksdrift og Handel, Morbror,» sagde Einar; «at ein skal liva av Jordi er snart det minste no; det er so mykje anna som vert kravt av ho.» «Altfor sant er det,» svara Paal; «Mammon legg Jordi under seg som alt anna. Men me skal halde Mammon fraa oss det beste me kann; stelle oss so at me ikkje vert berre Trælar.»

Eg fekk Lensmannen inn paa den amerikanske Tanken hans; Paal hev sagt eit og anna um den som hev gjort meg forvìten. «Etter den,» sagde eg, «skulde baade Jordspursmaale og andre Grunnspursmaal vera løyste, naar me

fekk ein Skatt paa Jordi so vidt stor, at det ikkje lønde seg for Herrar og Spekulantar aa «sitja ho burt» lenger; kannhende er det den som skal frelse oss?» Jens svara, at me kom visst til aa tenkje paa det etterkvart. «Fær me ein slik Skatt,» sa han, «so vil ingin sitja med meir Jord enn han brukar; og daa vert det Jord aat alle som treng. Dei tjuge Millionane Maal Jord som no ligg burtbundne, dei fekk me au upp daa etterkvart, skulde du sjaa, Baard.» Det vart eit heilt Ordskifte um dette; og Jens sagde mykje som eg fekk Mod av. For Bonden vilde Jordskatten ikkje bli tung. «Han korkje skal eller tarv vera større enn at Jordi med rimelegt Bruk lett bèr han; berre for unytta Jord vert han tung; og det er det han skal vera.» «Men Jordi vert Samfundseign?» spurde Baard. «Jordi vert mi og di,» svara Jens; «men ho skal liggje under Samfundslov og ikkje vera Spe-

kulasjonsvare.» «Ein vil ikkje kunna laane paa Jordi si daa?» «Nei; men so sìt ein au paa si Tuve trygg; og det vil vera noko anna enn aa vera Banktræl.

«Med Tidi kjem Tanken upp,» heldt Jens fram; «etterkvart som Jordverde stig, vert det meir og meir urimelegt aa leggje Skatt baade til Samfunde og til Grunnherrane. Og noko med det beste ved Tanken er, at han vil gjera Arbeide skattefritt. Jord som ved Samfundsvilkaar fær Ser-Verde, som By-grunnar, og Grunnar for Verksdrift, like eins Grunn ved Hamnar, og frametter Vegar og Banur, og i tettgrendte Bygdir, — det er den som kjem til aa bera Samfundsutgiftine; i Røyndi bèr daa Samfunde sine Utgiftir sjølv, som ein annan ærleg Mann. Men kvart Menneskje vil heilt og fritt raade yvi alt det han tenar med sitt Arbeid.» «Skattane vert ikkje Arbeidsstraff lenger,» skaut Paal

inn. Jens smilte: «so kann ein au segja.» Paal heldt fram: «han bèr paa rett Leid, denne Tanken; og kann han greide Samfundsfloken utan Krut og Dynamit, so vil det au vera ein god Ting.» —

— Etter Maten og «Røykjekvila» var me ute ein Sving og saag paa Hus og Buskap og Stell; og huglege Ord fall um, at Garden var komin godt i Drift no. «Eg hev havt god Hjelp au,» sagde Paal; «og det vil eg segja, at du Haavard vert betre Gardmann enn ventande skulde vera av ein Skulemeistar.» «Det er nok Styraren som fær taka Æra for Styringi,» meinte eg; «men elles lærer me etterkvart, me Skulemeistrar au; den verste Seminarist-Tidi er alt yvistridd.» «Som vel er, ja,» sagde Lensmannen; «det kjem fleire og fleire fraa Lærarskulane no, som hev gløymt korkje Heime Skikk eller Heime Maal. Me skal sjaa, at Heim og Skule

kjem i Samarbeid att; og daa vil mangt laga seg.»

Ei hyggjeleg Kaffistund kom; det var Kvinnfolki daa, som helst førde Orde. Og dei rødde um alle Ting i eitt, men mest um Husstell; den unge hadde mangt aa spyrja um, og dei gamle, serleg Enkja, visste mykje; inn-imillom kom Mannfolki med Lentur og Skjemt.

Sidan var det den endelause Politiken. Det eg hugsar av den er, at han Svein der aust rødde um «Krigen med Sverig»; var det so at me skulde faa den, tru? «Me maa no kje tru so gali,» svara Lensmannen. «Det vert daa meir og meir Utgiftir til Hèrstelle,» knurra Trond. «Og meir og meir av den beste Arbeidstidi gjeng burt til Eksis,» heldt Svein fram; «og slikt kann ikkje spaa godt, det eg trur.» «Det er ille med den Eksisen,» sagde Jens; «men det er det, veit du, at vil ein hava Fred, so

maa ein vera budd paa Ufred.» «Ja at ikkje Vaarherre kann hava ei Raad med denne Ufreden!» sukka Kona hans Svein; «aa, det er all denne Syndi som maa hava si Straff,» sukka Kona kans Trond; «ja du kann so segja, Malli,» sagde Lensmannen.

«Vaarherre vil at Folk skal lære aa halde Fred sjølve,» tok Paal fram-i; «og ein Gong lærer dei vel. Me Smaafolk fær stole paa, at det er i Verdi som i Ulvestogo: um Skrubben lurer paa Sauen, so lurer Gaupa paa Skrubben att, og Reven paa Gaupa og Bjønnen paa Reven; og so tor ingin glefse til; dermed fær Sauen Fred til so lengi; men jamenn trengst det at han hev godt Tòlmod.»

«Folk maa vel lære aa rekne ein Gong,» meinte eg, «so dei ser at Krig ikkje løner seg korkje for Vinnar eller Tapar?» — «Det kjenner kvar seg,» smilte Jens. «Det er som i eit Fante-

bøle: den eine kann ikkje tru den andre, og so maa kvar for seg tru paa Kniven.» «Det er den villaste Daarekiste Verdi hev set,» sagde Paal; «i Staden for aa lìva av det me avlar legg me det burt i Vaapn og svelt. Mykje betre var det fyrr, daa Verdi hadde ei Stormagt um Gongen; no hev me fire Stormagtir jamsides kvarandre, og so vert det Ulvestogu.» «Vert det kje Raad fyrr, so vert det vel naar me lærer aa fljuge,» lo Baard. «Naar ein Mann kann øyde ein heil By med ei Bombe som han slepper ned som ein Elding or Sky, so vert Folk rædde og lagar sambundne Statar yvi all Verdi.» «Um det elles ikkje vert til det at dei finn Raad med aa sprengje heile Kloten i Lufti,» sagde Jens; «daa var alt med ein Gong avgjort.» «Hu!» skreik Kvinnfolki; me Mannfolk lo.

Men han Svein sat med eit Spursmaal som han vilde hava fram kóss det

gjekk: «kann det vera verdt aa halde paa med dette Svenskestaake for nokre Konsular eller kva det er?» Og han heldt fram; kom sistpaa med det, som vel i Grunnen ligg under hjaa Folke mest all Stad: «me vart ikkje verre farne under Svensken enn me er under dei Herrane me hev no; Skattane kunde daa visst ikkje bli større; og so slapp me det meste av Politiken og Eksisen og fekk Arbeidsro att; ja so høyrer eg daa mange meiner.»

Paal lo. «Politiken slapp me, Svein; det er sant. Men Eksis fekk me meir av og ikkje mindre; for Storebror hev ein endaa verre Storebror austanum seg att; og mot honom er det han vil hava Studnad av Veslebror, maa-tru.

«Men elles hev du Rett, Svein,» heldt Paal fram; «so lengi Mammon raader er Fridomen berre Syttandemai-Stas; og um Keisaren hev heime i Babylon eller Rom, det gjer ikkje stort fraa eller til.»

«No er du strid, Paal,» smilte Jens. «Berre Syttendemai-Stas er Fridomen vaar ikkje; me er frie ein Dag tredjekvart Aar; og det kan koma vel med ein Gong, liksom det i mange Maatar hev vori godt fyrr au; lat oss berre hugse Ualand'n og Jaabæk. Og du, Svein, er strid du au. Kom me under Svensken, so fekk me Grevar og Baronar yvi oss som den svenske Bonden; og dei er visst verre enn vaare Futar og Skrivarar. Me fær tru, at det svenske Folke ein Gong vert likso burtimot fritt som det norske; daa gjer Folki sjølve Samfeste; og det vert der Meining i. For Fred vil Folke hava, anten det so bur austan eller vestan-um Kjølen.»

Um dette samdest me; og Svein tagna.

— Mangt og mykje var me inne paa fram-etter Kvelden, mest Bygdesogur og «ymist»; men eitt stort Emne

kom upp: dette som dei kallar Kvinne-Saki. Det var den unge Kona som fekk den fram; «me fær tenkje paa Retten vaar, me Landskvende og,» sagde ho; «det gjeng ikkje alltid som det skal her heller.» «Det vert nok lengi fyrr alt gjeng som det skal,» sagde Trond; «men tru det er ikkje betre at Mann og Kvende hjelpest aat som dei hev gjort, enn at dei skal til aa dragast og stridast, dei au?» «Dei held best ihop,» meinte Ragnhild, «naar alt er greidt og klaart millom deim.»

«Ja alt som læt seg greide maa vera greidt,» sagde Paal; «nok av ugreidt vert der endaa. Og kvar den Ting som ikkje er greidd kann naarsomhelst gjera Ugreide.» «Ja er det kje sant?» ropa Ragnhild; ho hadde knapt venta Hjelp fraa den Kanten i den Saki. «Der kann vera noko i det,» svara Enkja; ho smilte. «Var me so vise som me vil vera, me Mannfolk,»

heldt Paal fram, «so gav me Syster vaar jamgod Rett med oss sjølve fyrr ho bad um det; so vart det ingin Strid. Men i sjølve Ægteskape kann Kjærleiksbòde bli gløymt; altfor ofte er det berre seg sjølv ein elskar i den andre.» «Det er visst best,» meinte Trond, «aa halde seg til det Bòde som den høgste Lovgjevaren gav, at Kvinna skal vera Mannen undergjevi.» «Ja han visste det best,» sukka Kona hans. «Ein stor Meistar,» smilte Paal, «hev gjevi oss ei Husraad som me i alle Tilfelle bør fylgje: som de vil at andre skal vera mot dykk, so skal og de vera mot deim. Det er den beste Lovi for Ægtefolk au, tenkjer eg. Du talar um Strid, du Trond; all Strid i denne Verdi kjem av, at me krev Rett meir enn me gjev Rett. Liver me etter Jesu Lov, so vert det ikkje Spursmaal um slikt; den som vil vera stor skal vera Tenar, sagde Meistaren; den fær Rett som gjev Rett.»

Ragnhild saag storøygd paa Paal; «ja so er det,» sagde ho stilt; ho gav sin Ægteherre Handi og smilte.

— Fyrr me slutta heldt Paal ein litin Tala til Grannane um det nye Folke som var komi til Gards; og han ynskte at alle her paa Hòve kunde samstavast og samtrivast, og at alt vilde gaa so godt paa alle Maatar som han visste at desse unge gjerne vilde det skulde gaa. Lensmannen helsa det nye Hòvefolke velkomne til Bygdi. Det var gamalt Hòvefolk som hadde vori ute og yngt seg uppatt, sagde han, og fengi ny Ungdom med seg; no gjekk denne Ungdomen til Arbeide med ny Kraft og friskt Mod; og no for Tidi var det ikkje minst Mod som turvtest. «De hev lært det som trengst, og hev Hugen og Viljen til aa nytte det de hev lært; av den fyrre Hòvemannen, han Paal, vil dé dertil faa god Hjelp; og naar gamall Røynd og ung Framhug slær Lag, so

er Vonine so gode som dei kann vera. Velkomne til Hòve og til Aase Gjeld, Einar og Ragnhild! Gjev de maa vera eit Fyridøme paa, at Ungdomen i det heile tek til aa søkje heim att!»

I godt Heimeøl vart Heimkome-Skaali drukki, og med Handhelsing tok me alle imot det nye Gardsfolke. Dei unge takka. Einar sagde, at med Morbror Paal til Hjelpesmann og med godt Grannelag maatte alt gaa godt, so sant dei sjølve var som dei skulde; «og som me alt kjenner oss heime paa Hòve, baade Kona og eg, so skal me vel og etterkvart bli heimekjende i Bygdi.»

— Lage skildest; den gamle Garden gleid inn i si nye Tid.

Underleg tekin, baade sturvorin og glad, tok eg meg ein Sving ned-yvi Ækrune paa den gamle Garden; det var maaneljost og stilt og vent; og eg saag vidt ned-yvi Heialandsvatne og

Markine. No er eg ferdug her au, sagde det i meg. Far vel, du gamle Gard; dei heimlause Tidine er yvistridde for deg no; huglege Dagar vert det her-etter paa Hòve.

Inn-imillom tenkte eg paa det Heimkome-Øle me skal drikke paa Øvre Haatun no um eit Bìl. Daa vil eg au vera heime. Heime! forunderlege Ord. So hugsamt; so fredsælt; so trygt.

Ja. Orde klingar trygt. Men det er berre eit Ord. Og det er den Tanken som stundom gnèg i meg no, liksom Tvilen um hi Verdi fyrr: den gamle Heimetrygdi er burte.

Eg kann leige eller byggje meg Hus; det vert sliks Slag mest. Det er kje som fyrr, at min Gard er mitt Rike eller mitt Hus mi Borg; Trygdi ligg i Pengepungen. So lengi eg greider Husleiga, eller um det heiter Rentur og Skatt, so lengi sìt eg trygg; men vert

eg ufør, eller Kona sjuk, eller anna vondt støyter til, so at Skillingen tryt, so vert eg hivd ut, um eg hev Brev paa baade Huse og Garden. Og so er det um eg kann faa Hjelp . . .

Heimen hev vorti ein Draum, som so mykje anna. Me bygde han um; sette upp nye Hus paa ein ny Grunn; men det viser seg, at denne nye Grunnen er utrygg. No gjeld det vel aa finne att den gamle Tufti, som Paal og Jens drøymer um. Men det vil taka Tid.

— Eg dreiv Tankane fraa meg. Me fær greide oss som me kann. Me er sterke og friske baade Ingeborg og eg; me tarv ikkje syte for det fyrste; og dette med Trygdi . . . kannhende skal me hava det utrygt eit Bil, so me lærer aa vera modige, og lærer aa brùka Tanke og Kraft; sidan fær me att Heimen au, skal me sjaa.

Aldri syte! som Paal segjer. Me er sterkare og seigare enn me veit; og me hev godt av aa røyne oss ut; det som krevst er Manns Mod og Barne Tru; rangt vil med Tidi rette seg.

Glad skal eg vera. Snart hev eg Heim; og Arbeidshug og Sparevit er meir verdt enn Pengar i Banken.